

Mastergradsoppgave

JUS399

# **Revisor sitt erstatningsansvar ovanfor finansinstitusjonar**

Særleg om etableringa av ansvarsgrunnlag.

*Kandidatnr:185594*

*Veileder: Anne Marie Frøseth Anfinsen*

*Antall ord: 12969*

# Innhaldsoversikt

<b><u>1</u></b>	<b><u>INNLEIING.....</u></b>	<b><u>4</u></b>
1.1	NÆRARE OM EMNET .....	4
1.2	REVISOR OG REVISJONSERKLÆRINGA .....	6
1.3	SÆRLEG OM BRUK AV UTANLANDSK RETT OG ISA .....	10
1.4	DEN VIDARE FRAMSTILLINGA .....	11
<b><u>2</u></b>	<b><u>ANSVARSGRUNNLAGET.....</u></b>	<b><u>13</u></b>
2.1	REVISORLOVEN §8-1.....	13
2.2	CULPANORMA.....	15
2.2.1	CULPANORMA OG GOD REVISJONSSKIKK .....	18
<b><u>3</u></b>	<b><u>SÆRSKILTE TILHØVE DER FINANSINSTITUSJONAR ER SKADELIDNE.....</u></b>	<b><u>23</u></b>
3.1	FINANSINSTITUSJONAR SOM SKADELIDNEGRUPPE .....	23
3.2	NÆRARE OM FINANSINSTITUSJONEN SI EIGA UNDERSØKINGSPLIKT .....	26
<b><u>4</u></b>	<b><u>ERSTATNINGSANSVARET VED ULIKE SKADEVALDANDE HANDLINGAR.....</u></b>	<b><u>30</u></b>
4.1	INNLEIING.....	30
4.2	MANGELFULL REVISJON I FORHOLD TIL AVDEKKING AV FEIL OG MISLIGHETER .....	30
4.3	DEI REVIDERTE ÅRSREKNESKAPANE TEIKNAR EIT MISVISANDE BILETE.....	39
4.4	MANGELFULL INFORMASJON OM RELEVANTE FORHOLD .....	44

<b><u>5</u></b>	<b><u>ERSTATNINGSANSVAR DER DET HAR VORE KOMMUNIKASJON MELLOM REVISOR OG FINANSINSTITUSJONEN .....</u></b>	<b><u>48</u></b>
5.1	INNLEIING.....	48
5.2	NÆRARE OM ULIKE SCENARIO.....	48
<b><u>6</u></b>	<b><u>AVSLUTTANDE KOMMENTAR .....</u></b>	<b><u>53</u></b>
<b><u>7</u></b>	<b><u>KJELDER.....</u></b>	<b><u>54</u></b>

## 1 Innleiing

### 1.1 Nærare om emnet

Det har vore fleire saker der finansinstitusjonar har lidd store tap grunna uheldig kredittytting og der revisor har hatt ei vesentleg rolle i årsaksbiletet. Nasjonalt kan Sponsor Service<sup>1</sup> nemnast som døme. Nordea fekk her tap på 202 MNOK, og revisor vart i lagmannsretten ansett erstatningspliktig for delar av dette tapet. Internasjonalt kan den omfattande Enron-skandalen nemnast, saka er samansett, men revisjonsselskapet Arthur Andersen gjekk med grunna deira engasjement i saka. Arthur Andersen var før dette eit av dei største revisjonsselskapa i verda.

Skadesituasjonen oppstår typisk der finansinstitusjon har ytt kreditt mellom anna på bakgrunn av informasjon gitt i dei reviderte årsrekneskapane, men der det seinare viser seg å føreliggje vesentlege avvik frå faktisk situasjon, slik at finansinstitusjonen lid tap. Slike vesentlege avvik kan skuldast fleire ulike forhold. Seinare i oppgåva blir det gått nærare inn på nokre av dei. Det som er felles for dei alle er at revisor skulle ha reagert på risikoen for skade i den konkrete situasjonen og følgjeleg handla annleis.

Sjølv om revisor er sterkt å klandre, vil det vere andre som òg har spelt ei vesentleg rolle i årsaksbiletet. Både dagleg leiing, eigarar og finansinstitusjonar kan vere delansvarlege. Finansinstitusjonar og revisjonsselskap er begge, slik samfunnet er bygd opp i dag, føresetnadar for eit velfungerande kapitalsamfunn og økonomisk liv. I Noreg i dag er det rekna å vere to revisjonsselskap som har kapasitet

---

<sup>1</sup>For meir informasjon kring saka, sjå RG 2008 s 705 (Sponsor Service). Det blir gått nærare inn på dommen seinare i avhandlinga.

til å handtere dei store nasjonale selskapa, dersom ein skal sikre konkurranse i næringa og kravet til lovfesta rotasjon av revisor etter<sup>2</sup> revisorloven §5a-4 må ein søkje å behalde dei.

Sjølv om ein til tider har kunna spore ei auke i mengda søksmål mot revisor er det relativt lite rettspraksis på området. Dette kan skuldast at eit fleirtal av erstatningssakene i Noreg blir løyst ved forlik eller utanfor rettssystemet<sup>3</sup>. Samstundes er det lite juridisk litteratur eller andre kjelder som omtalar problemstillinga. Ein står såleis framfor eit komplekst tilhøve der mellom anna forholdet til skadelidne sin innverknad på situasjonen står i ei spesiell rolle, men der det er lite vegleiing. Målet med avhandlinga er difor å søkje analysere situasjonen og dei omsyna som gjer seg særleg gjeldande, gjere greie for norsk rett på området og søkje teikne opp nokre retningslinjer ved ulike typetilfelle.

Dersom tilhøva faktisk er slik at mange saker ender ved forlik kan dette indikere at det er stor usikkerheit kring ansvaret og at begge partar, eventuelt representert ved sine forsikringsselskap, ønskjer å sikre seg mot å måtte bere tapet aleine. Eit bidrag til å avklare innhaldet av erstatningsansvaret kan såleis vere med å styre ansvaret i ei mest mogeleg teneleg retning i forhold til dei vern av dei ulike partar og omsyn og det beste resultatet.

---

<sup>2</sup> Lov 15 Januar 1999 nr 02 om revisjon og revisorer (revisorloven eller revl)

<sup>3</sup> Hans Cordt-Hansen, *Revisorloven med kommentarer*, 1. utgåve (Oslo 2001) s 274

## 1.2 Revisor og revisjonserklæringa

Revisor har ei viktig samfunnsmessig rolle og det er mykje ansvar knytt til profesjonsutøvinga. Revisor har ein kontrollfunksjon i forhold til årsrekneskap og ei lovfesta plikt<sup>4</sup> til å søkje hindre økonomisk kriminalitet. Eit velfungerande tilsyn med selskap og rekneskap er ein føresetnad for eit velfungerande kapitalstamfunn. I Rt. 2010 s 1328 avsn 48 uttalte førstevoterande at " Svikt i revisors kontrollarbeid får ikkje bare betydelige konsekvenser for kreditorer, kredittinstitusjoner og investorer og derigjennom det generelle økonomiske liv, men fører også til at tilliten til lovbestemte kontrollsystemer svekkes på en svært skadelig måte."

Ein revisjon er ikkje ein kontroll av all informasjon som ligg til grunn for årsrekneskapen. Revisor skal innhente relevant informasjon slik at han med ein viss tryggleik kan uttale seg om informasjonen gitt i årsrekneskapen. Dette skjer i form av vurdering av rutiner, internkontroll, stikkprøver m.m. Omfanget av dette vil avhenge av faktorar som risiko knytt til selskapet, størrelse osv. Eit godkjent årsrekneskap, av ein aktsom revisor, inneber såleis ikkje ein garanti for at det ikkje er noko gale, snarare ein verifikasjon av at revisor føler seg tilstrekkeleg trygg på at det mest sannsynleg ikkje er store avvik mellom årsrekneskap og faktiske tilhøve.

Alle revisjonspliktige selskap etter revisorloven<sup>5</sup> §2-1 jf regnskapsloven<sup>6</sup> §1-2 skal syte for at rekneskapet blir revidert..Revisor sine plikter ved revisjonen er slått fast i revl. §5-1, og inneber mellom

---

<sup>4</sup>Revl §§ 5-1 og 5-2

<sup>5</sup> Lov 15. Januar 1999 nr 02, om revisjon og revisorer (revisorloven, revl.)

<sup>6</sup> Lov 17. Juli 1988 nr 56, om årsregnskap m.v. (regnskapsloven, rskl.)

anna plikt til å vurdere samsvar mellom rekneskap og lovgjeving. Ved avslutta revisjon skal revisor avgje revisjonserklæring<sup>7</sup>.

Revisor kan avgje ei blank- eller normal revisjonserklæring. Dette inneber at årsrekneskapen er godkjent utan merknadar og at den i det alt vesentlege er utarbeida i samsvar med det gjeldande rammeverket for finansiell rapportering<sup>8</sup>. Dersom revisor finn at "regnskapet ikke gir de opplysninger om foretakets resultat og stilling som burde vært gitt, skal revisor ta forbehold, og eventuelt gi nødvendige tilleggsopplysninger"<sup>9</sup> Viss det skjer føreligg det omstende som revisor ikkje med tilstrekkeleg sikkerheit kan uttale seg om, men det blir rekna som tilstrekkeleg for reknskapsbruket at det blir tatt atterhald og gitt tilleggsopplysningar. Endeleg kan revisor kome til at reknskapet "ikke bør fastsettes slik det foreligger"<sup>10</sup>. Etter ISA 200<sup>11</sup> skal revisor "hver gang det ikke er mulig å oppnå betryggende sikkerhet, og en konklusjon med forbehold i revisjonsberetningen ikke er tilstrekkelig etter omstendighetene med sikte på rapportering til de tiltenkte brukerne av regnskapet (...) avgir en beretning med konklusjon om at revisor ikke kan uttale seg om regnskapet, eller at revisor trekker seg". I denne situasjonen skal revisor ikkje godkjenne årsrekneskapen, og revisjonserklæringa har såleis ein negativ konklusjon.

---

<sup>7</sup> Revl § 5-6 første ledd.

<sup>8</sup> ISA 700 - "Konklusjon og rapportering om regnskaper", *Revisors Håndbok 2012* (s. 438-456), pkt 7(c)

<sup>9</sup> Revl § 5-6 femte ledd

<sup>10</sup> Revl §5-6 6. ledd

<sup>11</sup> ISA 200 - "Overordnede mål for den uavhengige revisor og gjennomføringen av en revisjon i samsvar med revisjonsstandardene", *Revisors Håndbok 2012* ( s 97-114), pkt 12 s 99

Ved å ikkje godkjenne årsrekneskapen eller ved å ta atterhald kan revisor gje andre med relasjon til selskapet ei oppfordring til å gjere eigne undersøkingar og følgjeleg redusere eiga rolle i årsaksbiletet dersom skade skulle skje.

Gjennom revisjonserklæringa attesterer revisor dei opplysingar selskapet har gitt om eigen økonomi og soliditet. Godkjente årsrekneskap gjev rekneskapslesaren stor grad av tryggleik kring riktigheita av informasjonen i årsrekneskapane og dannar bakgrunnen for ei rekkje disposisjonar. Næringsdrivande må i fleire relasjonar halde seg til revisors vurderingar, og revisjonserklæringa har stor innverknad både internt i selskapet og i samrelasjon med andre. Dei ulike aktørane som er involverte i selskapet vil ha ulike interesser i og nytte av revisjonen.

For dei selskapa som er revisjonspliktige<sup>12</sup> er det stilt krav om godkjent revisjon. For eigarar og investorar er revisjonserklæringa ein kontroll med kapitalforvaltninga. I tillegg utgjer ho grunnlaget for generalforsamlinga si vurdering av driftinga av selskapet, evaluering av daglig leiing og styret, samt utbyttevurderingar. For samarbeidspartnarar vil ei blank revisjonserklæring vere ei kjelde til tillit til selskapet og deira økonomiske forhold, og fungere som eit signal om at det er relativt trygt å starte eller fortsetje eit samarbeid med selskapet. For kreditorar, herunder finansinstitusjonar, vil revisjonen vere ein kontroll med at selskapet kan innfri sine skyldnadar.

---

<sup>12</sup>Revl §2-1 jf rskl §1-2



For samfunnet vil revisjonen ha den nytte at det er ein kontroll med om selskapet driv i samsvar med gjeldande regelverk. I Ot.prp. nr. 75 (1997-98)<sup>13</sup> blir det framheva at « Etter departementets syn tilsier bl.a hensynet til bekjempelse av økonomisk kriminalitet at unntakene fra revisjonsplikt begrenses i størst mulig grad» Revisjonen vil såleis direkte vere eit verkemiddel mot økonomisk kriminalitet til dømes skatteunndraging. Vidare er revisjonsordninga ein føresetnad for å sikre eit fungerande kapitalmarknad og eit sunt næringsliv. Ved å kontrollere at gjeldande regelverk er følgd innehar ein ein viss kontroll med konkurranseomsyn samstundes som ein syter for at alle vurderingar skjer med bakgrunn i eit felles norm- og regelsett slik at ein får eit eigna utgangspunkt for samanlikningar og vurderingar. Også ovanfor det offentlege har revisjonserklæringa ein funksjon ved at ho blir nytta av skatte- og avgiftsmynde, samt andre organ. Også for lokalsamfunn kan ho vere nyttig i forhold til å vurdere soliditeten i verksemdene.

Revisjonserklæringa spelar såleis ei viktig rolle i fleire relasjonar, og er ei kjelde til tillit mellom ulike aktørar i næringslivet. Dersom det ikkje i allminneleg oppfatting og praksis blir stilt relativt strenge krav til revisor kan det ikkje berre leie til at store tap for dei involverte, men òg svekka tillit til revisjonserklæringa, noko som vil vere særst uheldig for dynamikken i næringslivet. Det er pålagt revisor eit stort ansvar ved revisjonen, og ein ikkje-tilfredsstillande innsats frå hans side vil kunne få store konsekvensar. Dei preventive omsyna som grunnleggjend erstatningsansvar for revisor etter culpanorma er såleis sterke.

---

<sup>13</sup> Ot.prp. nr 75 (1997-1998) Om lov om revisjon og revisorer (revisorloven) pkt. 4.1.5 s. 22

Der finansinstitusjonen er skadelidande gjer særskilte omsyn seg gjeldande. Det er heilt naudsynt for eit velfungerande samfunn at ein har eit økonomisk system som fungerer. Ved at dei same finansføretaka i stor grad handsamar både privatpersonar og verksemdar vil eit tap for ein finansinstitusjon kunne få svært store konsekvensar. Erstatning frå revisor vil kunne redusere skadeverknaden.

### 1.3 Særleg om bruk av utanlandsk rett og ISA<sup>14</sup>

I vurderingar av ulike situasjonar og typetilfelle vil annan nordisk rettspraksis vere relevant. Tradisjonelt har det vore ein viss grad av rettsfellesskap mellom norsk, dansk og svensk rett, på erstatningsrettens område mellom anna i form av lovsamarbeid<sup>15</sup>. I norsk og dansk erstatningsrett er det store likskapar i praktiseringa av culpanorma, noko som gjer dansk rett særskild interessant i arbeidet med å klarleggje innhaldet av erstatningsansvaret etter norsk rett<sup>16</sup>. Dansk rett blir nytta til å illustrere ulike situasjonar og dei argumenta som grunnlegg den danske løysinga kan representere viktige omsyn og haldningar som er relevant også etter norsk rett og tradisjon grunna dei store samfunnsmessige likskapane.

---

<sup>14</sup> International Standards on Auditing (ISA) utgitt av International Federation of Accountants (IFAC) gjennom International Auditing and Assurance Standards Board (IAASB).

<sup>15</sup> Nærare om emnet: Nygaard, Nils *Skade og Ansvar*, 6. utgåve (Bergen 2007) s 25

<sup>16</sup> Anfinsen, Anne Marie Frøseth, *Skadelidtes egeneksponering for risiko i erstatningsretten*, (Bergen 2008) s 6

Den norske Revisorforening, DNR, er medlem av The International Federation of Accountants (IFAC) og er følgeleg plikta til å følge ISA. DNR gjev årleg ut Revisors Håndbok som mellom anna inneheld ei oversetjing av ISA som er tilpassa eventuelle norske særreglar<sup>17</sup>. Tilsvarande skjer i Danmark. I norsk rett er det lagt til grunn i rettspraksis at dei normar som er vedtatt av DNR vil vere sentrale for innhaldet av god revisjonsskikk<sup>18</sup>. I motivationen til den danske Revisorloven<sup>19</sup> blir det gitt uttrykk for at sidan Foreningen af Statsautoriserede Revisorer (FSR) er medlem av IFAC og dermed har forplikta seg til å overholde ISA'ene vil dei i praksis vere god skikk for alle godkjente revisorer i Danmark.<sup>20</sup> Ved at ISAene fungerer som bransjenormar både i Noreg og Danmark, samstundes som dei innehar ei så vesentleg rolle i fastsetjinga av innhaldet av god revisjonsskikk i begge landa, vil vurderinger av erstatningsansvar for revisor etter culpanorma i begge landa få store likskapstrekk, noko som blir forsterka ved at praktiseringa av culpanorma allereie i utgangspunktet er svært lik.

#### 1.4 Den vidare framstillinga

Framstillinga vil bestå av to hovuddelar. I første delen vil det sett på kva som etablerer aktsemdplikta under ansvarsgrunnlaget, samt betydinga av finansinstitusjonen si rolle i årsaksbiletet. Her blir fokuset å fastsetje eit utgangspunkt for det normative rammeverket for vurderinga av erstatningsansvaret, samt sjå på partane sin posisjon i det typiske risikobiletet.

---

<sup>17</sup> Dei norske særreglane er markert med ein N. Nærare om ISA i punkt 2.2.1 i avhandlinga.

<sup>18</sup> Rt 2003 s 696 (Ivaran Shipping) avsnitt 47

<sup>19</sup> (Lov 2008-06-17 nr. 468 om godkendte revisorer og revisionsvirksomheder)

<sup>20</sup> LFF 2008-03-27 nr 120 - Godkendte revisorer og revisionsvirksomheder (Revisorloven) Pkt 3.3.5.1

Når dette er gjort greie for, vil det i den andre hovuddelen av oppgåva bli sett nærare på erstatningsansvaret ved ulike skadevaldande handlingar. Erstatningsansvaret for revisor kan ha bakgrunn i mange ulike skadevaldande handlinger med det fellestrekk at det ligg føre ein situasjon der revisor har handla i strid med det ein ventar av ein alminneleg aktsam og dyktig revisor<sup>21</sup>. Det blir sett særare på tre nærliggjande skadesituasjonar; mangelfull revisjon i forhold til avdekkjing av feil eller misligheter i årsrekneskapa, godkjente årsrekneskap som teiknar eit sterkt misvisande bilete, og mangelfull informasjon kring særlege forhold. Avslutningsvis vil det bli sett på erstatningsansvaret der det har vore kommunikasjon mellom finansinstitusjonen og revisor.

---

<sup>21</sup> Erling Hjelmeng, Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen (Bergen 2007)

## 2 Ansvarsgrunnlaget

### 2.1 Revisorloven §8-1<sup>22</sup>

Revisorloven §8-1 heimlar erstatningsansvar for revisor for "skade som denne forsettlig eller uaktsomt har voldt under utførelsen av sitt oppdrag." Lovføresegna viser til dei tre grunnvilkåra for erstatningsansvar<sup>23</sup>; skade, ansvarsgrunnlag og årsakssamband.

Det må for det første føreliggje ein erstatningsrettsleg relevant skade. I høve til finansinstitusjonar som skadelidnegruppe vil det i all hovudsak vere økonomisk tap som er aktuelt.

For det andre må det føreliggje ansvarsgrunnlag, det er tilstrekkeleg at revisor har vore aktlaus, men også grovare skuldformar er omfatta av erstatningsansvaret. I førearbeida til revisorloven er det uttalt at revisors erstatningsplikt i "størst mulig grad bør reguleres av de alminnelige lovfestede og ulovfestede regler i norsk erstatningsrett".<sup>24</sup> Dette viser til culpanorma og inneber at rettspraksis om culpanorma, også frå før revisorloven, er relevant i vurderinga om revisors erstatningsansvar.

For det tredje må det vere årsakssamband mellom den påstått skadevaldande handlinga og skaden. Ved at erstatningansvaret for revisor etter §8-1 er eit profesjonsansvar<sup>25</sup> er det vidare krav til samband

---

<sup>22</sup> Lov 15. Januar 1999 nr 02, om revisjon og revisorer (revisorloven, revl.)

<sup>23</sup> Nygaard, Nils *Skade og Ansvar*, 6. utgåve (Bergen 2007) pkt 2, s 4.

<sup>24</sup> Ot. Prp nr 75 (1997-98) pkt 11.3.5 s. 117

<sup>25</sup> Nærare om dette under punkt 2.2 i avhandlinga

mellom revisjonsyrket og den skadevoldande handlinga. Dersom skaden ikkje har noko samband med revisor si utføring av revisoryrket må eventuelt erstatningsansvar vurderast på bakgrunn av alminnelege erstatningsrettslege reglar og ikkje profesjonsansvaret.

Erstatningsansvaret er ikkje avgrensa til oppdrag knytt til lovfesta revisjon, og er såleis aktuelt òg ved andre oppdrag revisor tar på seg.<sup>26</sup> Ansvar er heller ikkje avgrensa til å gjelde ovanfor særskilde grupper skadelidne. Revisor kan med dette bli ansvarleg også ovanfor tredjepart som han ikkje står i direkte avtaleforhold til. Dette var uttrykkeleg slått fast i den gamle Revisorloven, lov 14. Mars 1964 nr 02 om revisjon og revisorer, §17a som sa at "Revisor plikter å erstatte skade som han under utførelsen av sitt oppdrag forsettlig eller uaktsomt volder oppdragsgiveren eller andre." Det er ikkje skjedd ei innhaldsendring på dette punkt sjølv om det ikkje lenger kjem eksplisitt fram av lovens ordlyd. At reglane om erstatningsansvar for revisor òg gjeld ovanfor bankforbindelsen til den revisjonspliktige er sagt uttrykkeleg av Borgarting Lagmannsrett.<sup>27</sup>

For å nærare fastsetje rekkjeverda- og innhaldet av revisor sitt erstatningsansvar blir det tatt utgangspunkt i culpanorma.

---

<sup>26</sup> Ot. Prp nr 75 (1997-98) pkt 11.3.5 s. 118

<sup>27</sup> RG 2008 s. 705 (Sponsor Service) under punktet "Revisjonen av årsregnskapet for 2000". S. 709

## 2.2 Culpanorma.

Culpanorma er ei ulovfesta objektiv aktsemdnorm for etablering av ansvarsgrunnlag. Norma er forma av rettspraksis og den overordna vurderinga er om den aktuelle handlemåten var forsvarleg. Vurderinga av om skadevaldar har handla forsvarleg er objektiv og må ta utgangspunkt i situasjonen slik denne framstod på handlingstidspunktet og kva ein kan vente av ein person i tilsvarande rolle som skadevaldar i den konkrete situasjonen<sup>28</sup>. Nygaard definerer skuld som at "vedkommande på eit gitt tidspunkt *skulle handla annleis* i den situasjonen han var (...) slik at han dermed ville ha hindra eller ikkje sett i verk den årsaksfaktor han er påstått ansvarleg for"<sup>29</sup>. Etter rettspraksis<sup>30</sup> kan vurderinga av om skadevaldar har vore aktlaus formulerast som ei vurdering av om han ved sin handlemåte har tilsidesett rimelege krav og forventningar i høve til risikoen for skade.<sup>31</sup> Dette synleggjer relasjonen mellom kravet til skadevaldars handling og risikoen for skade. Erstatningsansvaret avheng såleis av den påståtte skadevaldar og skadevaldande handling si rolle i det konkrete årsaksbiletet.

Erstatningsansvaret for revisor er eit profesjonsansvar, dette er lagt til grunn i rettspraksis<sup>32</sup> og teori<sup>33</sup>. Utgangspunktet for aktsemdvurderinga må difor vere kva ein med rette kan krevje av utøvarar av den

---

<sup>28</sup> Nærare om rolleforventinga til skadevaldar, Nygaard, Nils, *Skade og Ansvar*, 6. Utgåve 2007, kap 4,1, 2c

<sup>29</sup> Nygaard, Nils *Skade og Ansvar*, 6. utgåve (Bergen 2007), s 174.

<sup>30</sup> Til dømes Rt 2004 s 1942 avsnitt 32.

<sup>31</sup> Nygaard, Nils *Skade og Ansvar*, 6. Utgåve 2007, s 177

<sup>32</sup> Rt 2003 696 (Ivaran Shipping) avsnitt 43

<sup>33</sup> Hjelmeng, Erling, *Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen (2007)* s 75

aktuelle profesjonen, tilsvarende Hjelmeng<sup>34</sup> som vidare framhevar at “målestokken må være en alminnelig aktsom og dyktig revisor<sup>35</sup>”. I Investasaken blei det lagt til grunn at revisor skulle “måles mot (den bedre del) av sin stand”.<sup>36</sup> Vurderinga av om revisor har handla i strid med culpanormen blir såleis vurdert i forhold til kva andre revisorar, og då særleg dei i øvre del av kvalitetssjiktet, ville gjort i tilsvarende situasjon. I Civil Liability Study fra EU-kommisjonen blir det slått fast at “all the Member States apply an objective standard based on the conduct expected from an average prudent and diligent auditor, a reasonably competent member of his profession”<sup>37</sup>. Det synes såleis vere likskapar mellom normen i EU og Noreg.

I Høgsterettspraksis er revisor innrømt eit visst rom for feilvurderingar. Rt 2003 s. 696 var spørsmålet om revisor var erstatningsansvarleg for ikkje å ha hindra eller redusert tap som følge av administrerande direktør sin valutahandel. Høgsterett viser til tidlegare praksis og framhevar at det er “rom for en viss kritikkverdig atferd før det blir tale om erstatningsbetingende uaktsomhet”<sup>38</sup>. Hjelmeng meiner dette ikkje må forståast som eit sjølvstendig vurderingstema i aktsemdvurderinga<sup>39</sup>, eller ei lemping i aktsemdstandarden, men er ei “logisk følge av culpastandardens tilpasning innenfor det

---

<sup>34</sup> Hjelmeng, Erling, Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen (2007)s 77

<sup>35</sup> Hjelmeng, Erling, Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen (2007) s 79

<sup>36</sup> LB 1995 3002, (pkt 1. Innledende merknader om ansvarsgrunnlag m m)

<sup>37</sup> A study on systems of civil liability of statutory auditors in the context of a Single Market for auditing services in the European Union s 50.

<sup>38</sup> Rt. 2003 s 696 avsnitt 43. Standpunktet blir følgt opp av Borgarting Lagmannsrett i RG 2008 s 705 (Sponsor Service) under punktet “Revisjonen av årsregnskapet for 2000” s. 709

<sup>39</sup> Hjelmeng, Erling, Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen (2007) s 84-85



aktuelle livsområdet”<sup>40</sup>. Dette skuldast at revisjon av natur ikkje kan bli feilfri i ein del tilfelle. Ein må difor òg sjå på andre faktorar.

Forholda ved den utførte revisjonen må vere så kritikkverdige at det er naturleg å byggje ansvar på dei. Her vil risikoen for skade spele inn, og ein må sjå på risikoens art og grad, samt om risikoen var synberr for skadevaldar. Det må skje ei sontring mellom ulike kritikkverdige revisjonshandlingar basert på karakteren av handlinga. Eit moment vil vere kor sentrale retninglinjer for utføring av revisjon det føreligg brot med. Til dømes vil Ikkje alle brot med ISA vil vere like alvorlege. Dei mest sentrale punkta i ISA utheva med markert skrift og brot med desse vil vere meir kritikkverdige enn brot med andre punkt i standardane.

Ved at revisjon det ligg i revisjonens karakter at ikkje alle forhold blir kontrollert<sup>41</sup>, må dette takast omsyn til ved vurderinga av erstatningsansvaret. Dersom ein kjem til at revisor har gjort ein tilfredsstillande aktsam revisjon kan ein ikkje ileggje ansvar sjølv om det skulle vise seg å vere feil ved rekneskapet. I kravet om at det må vere ein tilfredsstillande aktsam revisjon ligg det ei innsatsforplikting snarare enn ei resultatforplikting, tilsvarande Hjelmeng.<sup>42</sup> Revisor må gjere ein innsats som er fagleg forsvarleg. For å vurdere kva som er fagleg forsvarleg i einkvar situasjon skal revisor skaffe seg innsikt i

---

<sup>40</sup> Hjelmeng, Erling, *Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen* (2007) s 85

<sup>41</sup>Om revisjonen sine “iboende begrensninger” sjå ISA 200- “Overordnede mål for den uavhengige revisor og gjennomføringen av en revisjon i samsvar med revisjonsstandardene”, *Revisors Håndbok 2012* (s 97-114) pkt A45 på side 109.

<sup>42</sup> Tilsvarande, Hjelmeng, Erling, *Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen* (2007) s 85

det aktuelle selskapet og bransjen dei opererer i.<sup>43</sup> På bakgrunn av dette kan revisor vurdere risikoen for feilinformasjon i rekneskapet og planleggje revisjonen etter dette. Dersom revisor føretar ein grundig gjennomgang av selskapet og bransjen det opererer i, og føretar tilstrekkelege og relevante revisjonshandlingar på bakgrunn av den informasjon og kunnskap han har opparbeida seg gjennom undersøkingar og kontakt med klient, vil ein vanskeleg kunne kome til at revisor skulle ha handla annleis så lenge han treff forsvarlege konklusjonar basert på det som kjem fram gjennom desse handlingane.

### 2.2.1 Culpanorma og god revisjonsskikk

Etter Revl. §5-2 andre ledd skal revisor "utføre sin virksomhet i samsvar med god revisjonsskikk". Dette er ein rettsleg standard for revisors arbeid, eller "en yrkesmessig rettesnor for den forsvarlige handling innen det respektive yrket".<sup>44</sup> Det som er karakteriserer ein rettsleg standard er ifølgje Knoph<sup>45</sup> at "Materialet som skal brukes (...) ikke [er] for hånden i raffinert tilstand". Lunde<sup>46</sup> framhevar at "rettslege normer formulert som god skikk eller liknande vage formuleringar må altså supplerast med andre kjelder for at normeringa skal kunne gje noko meir rettleiing for grensa mellom rett og urett". God revisjonsskikk er såleis ei rettesnor for korleis revisorar skal opptre, og det nærare innhaldet av den rettslege standarden må søkjast i andre kjelder.

---

<sup>43</sup> ISA 315 - "Identifisering og vurdering av risikoene for vesentlig feilinformasjon gjennom forståelse av enheten og dens omgivelser", *Revisors Håndbok* 2012 (s. 210-239) punkt 3.

<sup>44</sup> Lereim, Kåre, *Revisorjus: Utvalgte emner*, (Oslo 1996) s 55

<sup>45</sup> Knoph, Ragnar, *Rettslige standarder. Særlig Grunnlovens §97*, (Oslo 1948) s 39

<sup>46</sup> Lunde, Tore, *God forretningsskikk næringsdrivande imellom*, (Bergen 2001) s 141

Innhaldet av den rettslege standarden god revisjonsskikk er ei viktig kjelde for å etablere innhaldet i aktsemdplikta. Der revisor har handla i samsvar med god revisjonsskikk vil ein vanskelegare kunne hevde at revisor skulle ha handla annleis i forhold til den konkrete skaderisiko. I dansk rett blei det i UFR 1978 654 H<sup>47</sup> uttalt at det var ein føresetnad for å kome til erstatningsansvar etter culpanorma at revisor hadde handla i strid med god revisorskikk<sup>48</sup>.

Det er ikkje i norsk rett gitt uttrykk for at det er meint å vere tilsvarende forhold mellom god revisjonsskikk og vurderinga etter culpanomen som ein finn i dansk erstatningsrett. Kva som er god revisjonsskikk vil likevel verke inn på vurderinga etter culpanorma. Dette skuldast ein presumsjon om at den som handlar i samsvar med det som til ei kvar tid er gjeldande oppfatting mellom "dyktige og samvittighetsfulle utøvere av revisjonsyrket"<sup>49</sup> også har handla slik ein alminneleg aktsam og dyktig revisor ville gjort i tilsvarende situasjon. slik at erstatningsansvar etter culpanorma ikkje vil leie fram.

Sjølv om innhaldet av vurderinga etter dei to rettslege standardane i stor grad vil vere lik, er terskelen for brot på culpanormen og den rettslege standarden god revisjonsskikk ulik<sup>50</sup>. Høgsterett uttalte i Rt 2003 696 at "et brudd på « god revisjonsskikk » ikke uten videre kan sees som erstatningsbetingende

---

<sup>47</sup> UFR 1978 653 H s 659

<sup>48</sup> Det har sidan blitt tatt til ordet for at det er innhaldet av den rettslege standarden god revisjonsskikk slik denne følj av lov og blir tolka av domstolane som er avgjerande, ikkje bransjen si eiga oppfatning. For nærare omtale sjå Hjelmeng, Erling, *Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen* (2007) s 105 flg.

<sup>49</sup> NUT 1970 nr 1, Innstilling til lov om aksjeselskaper under punktet "Til §88" s.21

<sup>50</sup> RG 1991 s. 956, side 960

uaktsomhet”.<sup>51</sup> Det krevst meir enn at revisor har handla i strid med god revisjonsskikk for at han skal bli erstatningsrettsleg ansvarleg etter culpanorma. At ei handling er i strid med god revisjonsskikk treng ikkje innebere anna enn at det føreligg eit kritikkverdig forhold. For at erstatningsansvar skal vere aktuelt må det vere tale om ei kritikkverdig handling der risikoen for skade ved den aktuelle handlinga var synleg for revisor<sup>52</sup>. Etter culpanorma er det difor ikkje tilstrekkeleg at handlinga er kritikkverdig, ho må vere kvalifisert kritikkverdig. Situasjonsbiletet er sentralt i culpavurderinga, og det kan vere moment der som ikkje blir fanga opp eller er relevante i forhold til om det føreligg brot med den rettslege standarden god revisjonsskikk. Trass i moglege ulikskapar vil innhaldet av den rettslege standarden god revisjonsskikk vere eit eigna utgangspunkt for å definere innhaldet av aktsemdplikta, og vurderinga av om revisor har handla i samsvar med god revisjonsskikk vil ha tydeleg gjennomslagskraft i forhold til vurderinga av revisors adferd etter culpanorma, tilsvarande Hjelmeng<sup>53</sup>.

God revisjonsskikk som rettsleg standard er dynamisk ved at den er knytt opp til den oppfattinga som gjeld til eikvar tid, og dermed er open for endringar. I førearbeida til Asl 1976<sup>54</sup> der erstatningsansvar for revisor tidlegare var regulert blir det uttalt at ein ved å vise til god revisjonsskikk meinte “de normer for revisjon som revisorene som yrkesgruppe har og i fremtiden vil utvikle. Det vil dermed være den oppfatning som til enhver tid er alminnelig blant dyktige og samvittighetsfulle utøvere av revisjonsyrket som vil være avgjørende”.

---

<sup>51</sup> Rt 2003 696 avsnitt 47.

<sup>52</sup> Nærare gjennomgått ovanfor under punkt 2.2

<sup>53</sup> Hjelmeng, Erling, Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen (2007) s 102.

<sup>54</sup> NUT 1970 nr 1, Innstilling til lov om aksjeselskaper under pkt “til §88” s. 21.

Kvart år utgjev Den Norske Revisorforening *Revisors Håndbok* som mellom anna inneheld oversetjing av International Standards on Auditing (ISA) med tilpassing til norske reglar<sup>55</sup>. Desse standardane er ei rettleiing til utføringa av revisjonen, og er i Ot.prp nr 78 (2008-2009) framheva å vere av “stor betydning for innholdet i [den] rettslige standarden” god revisjonsskikk<sup>56</sup>. Også i rettspraksis er bransjen sine egne normer forutsatt å ha stor vekt ved fastleggjinga av innhaldet i den rettslege standarden. I Ivarandommen uttaler Høgsterett at “Utgangspunktet for å fastlegge de kravene som måtte stilles til revisor i vår sak, er de regler og normer som gjaldt i den aktuelle perioden. (...) Lovbestemmelsene viser til « god revisjonsskikk », og viktig for å belyse hva dette innebærer, er normer vedtatt av Norges Statsautoriserte Revisorers Forening (NSRF)”<sup>57</sup>. Revisjonsmiljøet har dermed sjølv fått ei viktig rolle i arbeidet med å forme og fastslå kva som til ei kvar tid er innhaldet av god revisorskikk<sup>58</sup>.

ISA består av mange standardar som er delt inn etter område. Innanfor kvart område er det nærare reguleringar. ISA 240 “Revisors oppgaver med og plikter til å vurdere misligheter ved revisjon av regnskaper”, har til dømes vedlegg med døme på mislighetsfaktorar, revisjonshandlingar for å handtere desse, og omstende som kan tyde på misligheter. ISA er dermed eit nyttig verktøy for revisor. Ved å vere så konkret i utforminga av standardane vil ein lettare kunne vurdere om ei handling har vore i strid eller samsvar med den aktuelle standarden eller god revisjonsskikk.

---

<sup>55</sup> Prosessen er nærare skildra i Ot.prp. Nr 78 (2008-2009) pkt 8.1

<sup>56</sup> Ot.prp. Nr 78 (2008-2009) punkt 8.1 s.37

<sup>57</sup> Rt 2003 s. 696 avsnitt 47.

<sup>58</sup> Dette blir også framheva i Den norske Revisorforening, *Revisors Håndbok 2012* (Oslo 2012) “Forord til internasjonale standarder for kvalitetskontroll, revisjon, forenklet revisorkontroll, andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester” punkt 4, s 45.

ISA er eit eigna utgangspunkt for- og står sentralt i fastleggjinga av innhaldet i den rettslege standarden god revisjonsskikk. Ved at ISA ikkje er absolutt avgjerande ved fastsetjinga av innhaldet av den rettslege standarden vil det heller ikkje vere naudsynt med brot på ISA for å kome til brot på god revisjonsskikk. Så lenge ISA er oppdatert og speglar det som faktisk er den gjeldande oppfattinga av god revisjonsskikk i fagmiljøet, vil det derimot sjeldan vere situasjonar der dei to ikkje er samanfallande. Ved at dei to er åtskilt sikrar ein domstolane reell kontroll med innhaldet av den rettslege standarden god revisjonsskikk, noko som bidreg til ein viss kontroll med utviklinga i bransjen.

Noreg har vald å implementere EUs revisjonsdirektiv<sup>59</sup>. Direktivet har mellom anna som mål at all lovfesta revisjon innanfor EU skal utførast i samsvar med internasjonale revisjonsstandardar vedtatt av EU-kommisjonen.<sup>60</sup> Arbeidet med dette er i gang, og det blir lagt opp til stor grad av harmonisering mellom regelverket i EU og EØS på området.<sup>61</sup> 30. Nov. 2011 fremja EU-kommisjonen forslag<sup>62</sup> til nye EU-reglar om revisjon og revisorar. Eit av forslaga der er å implementere ISA for all lovbestemt revisjon<sup>63</sup>, eit forslag som blir støtta av Den Norske Revisorforening<sup>64</sup>. Mykje kan difor tyde på at ISA kjem til å spele ei enda viktigare rolle i innhaldet av den rettslege standarden god revisjonsskikk i framtida.

---

<sup>59</sup> Direktiv 2006/43/EF

<sup>60</sup> Ot.prp Nr 78 (2008-2009) punkt 8.2 s. 37

<sup>61</sup> Ot.prp Nr 78 (2008-2009) punkt 8.2 s. 37

<sup>62</sup> "Proposal for a regulation on the quality of audits of public-interest entities and proposal for a directive to enhance the single market for statutory audits".

<sup>63</sup> Ledsagedokument til Forslag til Europa-Parlamentets og Rådets direktiv om ændring af Europa-Parlamentets og Rådetsdirektiv 2006/43/EF, pkt 4.2 s.7

<sup>64</sup> Den norske Revisorforening, "Aktuelt", *Revisjon og Regnskap*, nr 2 2012 s.6

### 3 Særskilte tilhøve der finansinstitusjonar er skadelidne

#### 3.1 Finansinstitusjonar som skadelidnegruppe

Der finansinstitusjonar er skadelidande som eit resultat av at revisor har handla culpøst, gjer særskilte omsyn seg gjeldande. For at ein skal ha eit velfungerande næringsliv er det heilt naudsynt med kredittytande institusjonar. Finansinstitusjonane byggjer på den informasjonen dei får gjennom dei reviderte årsrekneskapane i kredittvurderinga, dersom informasjonen der er feil vil det kunne få store ringverknader.

Ved tap grunna uheldig kredittying er skaden eit resultat av finansinstitusjonen sin eigen disposisjon. Utgangspunktet er at den som skal føreta ein disposisjon det er risiko relatert til, sjølv ber ansvaret for at den informasjonen han baserer seg på er korrekt<sup>65</sup>. Ved at revisor etter Revl §8-1 og rettspraksis kan bli erstatningsansvarleg der tredjemann har lagt til grunn informasjon i revisjonserklæringa for sin disposisjon og denne seinare viser seg å vere feil, må dette utgangspunktet modererast i forhold til revisoransvar.

Om erstatningsansvar for revisor uttaler finansdepartementet i Ot.prp Nr 78 (2008-2009) at i tilfeller der det føreligg ei skadevaldande handling hos revisor, og det føreligg subjektiv skyld, vil "revisor på grunn av sitt engasjement i saken og sin fagkunnskap i slike tilfeller være nærmere til å bære tapet enn

---

<sup>65</sup> Færstad, Jan-Ove, *Erstatningsansvar for villedende informasjon*, (Bergen 2010), side 243

den skadelidte”<sup>66</sup>. Erstatningsansvar for revisor kan bli aktualisert med bakgrunn i ulike typesituasjonar der ulike omsyn gjer seg gjeldande i ulik grad. Der finaninstitusjonar er skadelidne vil som nemnd særskilte omsyn gjere seg gjeldande. Spørsmålet er difor om det synet departementet gjev uttrykk for om at revisor er nærast å bere tapet må modererast i forhold til finansinstitusjonar som skadelidnegruppe.

Finansinstitusjonen er ein profesjonsutøvar med store ressursar og god kompetanse innanfor kreditttyting. Ved spørsmål om kreditttyting blir det sett nærare på mange forhold ved kredittøkjaren, og det finn stad ei heilskapleg vurdering der dei reviderte årsrekneskapa inngår som ein del av eit større bilete. I vurderinga inngår også ei rekkje andre dokument, analyser samt kontakt med kredittøkjar. Finansinstitusjonen set seg såleis grundig inn i kredittøkjar og har normalt gode føresetnadar for å føreta sjølvstendige og forsvarlege vurderingar knytt til den aktuelle disposisjonen.

Ved at rolleforventinga til revisor relaterer seg til kva ein alminneleg aktsam og dyktig revisor ville gjort i tilsvarande situasjon er den uavhengig av skadelidne, tilsvarande Hjelmeng<sup>67</sup> som grunnjev dette med at “Siden regnskapet er ment å gi informasjon til en bred krets av personer, vil den enkelte regnskapsbrukers regnskapskompetanse vanskelig kunne influere på culpavurderingen på revisors hånd”. Kven skadelidne er vil derimot verke inn på erstatningsansvaret i form av at ein skadelidande som ikkje har handla i samsvar med rolleforventinga til skadelidne, kan få reduksjon i erstatninga etter lov 13. Juni 1969 nr 26 om skadeserstatning (skadeserstatningsloven eller skl) §§ 5-1 eller 5-2.

---

<sup>66</sup> Ot.prp Nr 78 (2008-2009) Om lov om endringer i revisoloven og enkelte andre lover (gjennomføring av revisjonsdirektivet) pkt 12.1.5.1, side 54

<sup>67</sup> Hjelmeng, Erling, Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen (2007) s 111.



Av finansinstitusjonane må ein kunne vente at revisjonserklæringa og dei godkjente rekneskapa blir nytta på forsvarleg vis og at dei føretar eigne vurderingar i den grad det er påkravd. Finansinstitusjonen må sjølv syte for å motta all relevant informasjon frå kredittøkjar. Det er kredittøkjar som først og fremst har plikt til å informere finansinstitusjonen om forhold som er relevante for kredittytinga, ikkje revisor. Finansinstitusjonen bør på bakgrunn av dette stille spørsmål og krevje framlagt all informasjon dei meiner er naudsynt for å ha tilstrekkeleg grunnlag for å føreta ei forsvarleg kredittyting.

For finansinstitusjonen er det på bakgrunn av den særskilte kompetanse dei sitt inne med, samt deira relasjon til kredittøkjar, slått fast at finansinstitusjonar har ei eiga undersøkingsplikt.<sup>68</sup> Finansinstitusjonane sin posisjon i den konkrete risikobiletet kan ha avgjerande innverknad på vurderinga av erstatningsansvaret ved at også skadelidne kan ha ei sterk oppfordring til å reagere på skadesrisikoen.

Erstatningsansvaret avheng med andre ord av årsaksbiletet. Finansinstitusjonen kan ha ei særskilt oppfordring til å reagere på skaderisikoen grunna deira kontakt med kredittøkjar. Grunna dei same forholda som grunnleggjend finansinstitusjonen si undersøkingsplikt kan det vere ein flytande overgang mellom vurderinga under ansvarsgrunnlag og rettsleg avgrensing i årsakssamband. Det kan vere at skadelidne har hatt ein så dominerande posisjon i årsaksbiletet som førte til skaden at skadelidne sjølv er

---

<sup>68</sup> Dette vart lagt til grunn i *Sponsor Service* (RG 2008 s. 705) s 739, sjå også Hjelmeng, Erling, *Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen* (2007) s 58

nærast å bere tapet<sup>69</sup>. Skadelidne sin posisjon i årsaksbiletet vil også vere relevant under vurderinga av medverknad etter Skl §5-1. I Sponsor Service<sup>70</sup> vart erstatninga sett ned med 1/3 grunna medverknad frå skadevaldar. Også der forholda på revisor si side er grovt aktlause nærast forsettlege, kan ein likevel etter ei konkret vurdering kome til at finansinstitusjonen si rolle er så sentral at det kan bli reduksjon i erstatninga etter skl §5-1 grunna medverknad eller avkorting etter §5-2. Dersom skadelidne sitt bidrag til skaden med omsyn til årsaksbiletet framstår som det mest vesentlege, kan det òg leie til at det ikkje blir noko ansvar for revisor grunngjeve med at hans bidrag var minimalt i årsaksbiletet.

### 3.2 Nærare om finansinstitusjonen si eiga undersøkingsplikt

Finansinstitusjonen si eiga undersøkingsplikt har bakgrunn i dei særeigne forholda ved skadesituasjonen og finansinstitusjonar som skadelidnegruppe, den særskilte kompetanse dei sitt inne med, samt deira relasjon til kredittøkjjar. Hjelmeng framhevar at "Årsregnskapsrevisjonen kan neppe *i seg selv* sies å ta sikte på å skape en trygghet som gir grunnlag for långivning; i slike tilfeller vil for eksempel banker ha en selvstendig undersøkelsesplikt"<sup>71</sup> og det må difor ventast at finansinstitusjonar føretar kontrollhandlingar i forhold til kredittøkjjar. Brot med undersøkingsplikta i form av manglande kontrollhandlingar kan leie til reduksjon i erstatninga grunna skadelidnes forhold<sup>72</sup>. Dei kanskje klaraste

---

<sup>69</sup> Skadelidne si rolle i årsaksbiletet er tillagt avgjerande vekt ved vurderinga av erstatningsansvar etter Culpanorma mellom anna i Rt. 1964 s. 446. (Hengebrodommen) og Rt. 1991 s. 1124 (Knallskuddommen).

<sup>70</sup> RG 2008 s. 705 (Sponsor Service) s741.

<sup>71</sup> Hjelmeng, Erling, Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen (2007) s. 58

<sup>72</sup> Medverknad etter Skl §5-1 evt lemping etter Skl §5-2.

tilhøva har ein der finansinstitusjonen sine eigne kontrollhandlingar er nærast ikkje-eksisterande og dei utelukkjande eller nærast utelukkjande har lagt den reviderte årsrekneskapen til grunn for kredittyttinga.

I Sponsor Service var spørsmålet om revisor kunne haldast ansvarleg for finansinstitusjonen sitt tap på det grunnlag at revisor ikkje hadde avdekka vesentlege feil ved revisjonen av årsrekneskapet og der det siste årsrekneskapet hadde stått sentralt ved avgjerdsla om å yte kreditt. Lagmannsretten meinte det var ein "grovt [uaktsom revisjon] av sentrale poster i balansen".<sup>73</sup> Erstatninga vart redusert med ein tredjedel som følgje av Nordea si rolle i årsaksbiletet. Lagmannsretten uttalte mellom anna at det var "flere klare risikoforhold banken burde ha vurdert før beslutningen om å tilby Spons kreditt ble truffet. Banken burde ha foretatt en særlig grundig og kritisk kredittvurdering"<sup>74</sup> og at "Forsvarlig kredittgivning kan ikke alene baseres på reviderte årsregnskaper. Banken må innhente supplerende informasjon og foreta selvstendige vurderinger".<sup>75</sup> Vidare blir det presisert at dette inneber ei plikt til å vere kjent med området for verksemda, innhente informasjon om etterfølgjande utvikling i selskapets økonomiske stilling, siste kvartalsregnskap dersom det ikkje føreligg heilt nytt revidert årsrekneskap, samt vurdere framtidsplanane til verksemda, budsjett, og skaffe seg ei forståing av verksemda som skal finansierast<sup>76</sup>.

Undersøkingssplikta inneber at finansinstitusjonen på tilsvarande måte som revisor, har ei plikt til å vere merksam på omstende som kan indikere risiko. Dei må føreta undersøkingar for å avdekkje slike

---

<sup>73</sup> RG 2008 s. 705 (Sponsor Service) under punktet "Medvirkning" s 739.

<sup>74</sup> RG 2008 s. 705 (Sponsor Service) under punktet "risikoen ved engasjementet" s 727-728

<sup>75</sup> RG 2008 s. 705 (Sponsor Service) under punktet "Medvirkning" s. 739.

<sup>76</sup>RG 2008 s. 705 (Sponsor Service) under punktet "Medvirkning" s. 739

omstende samt sjølvstendige vurderingar kring den potensielle risikoen knytt til den konkrete kreditttytinga.

Ein kan ikkje generelt vente eller krevje same ressursbruk frå banken si side som frå revisor si side. Eit viktig argument for å ha revisjon, i tillegg til kontrollfunksjonen, vil nettopp vere å effektivisere slik at ein får eitt velfungerande system med ein grundig gjennomgang som ulike aktørar kan byggje økonomiske vurderingar på. Der finansinstitusjonen på grunn av eigen kommunikasjon med kredittsøkjjar har oppfordring til å reagere på ein konkret risiko vil ein likevel kunne krevje meir ressursbruk og grundigare undersøkingar.

Det er enkelte postar og omstende som i seg sjølv inneber auka risiko. Dette gjeldt generelt skjønsmessige vurderingar. Der det er vidt kjent at verdifastsetjinga er tvilsam, inneber finansinstitusjonen si plikt til å vere merksam på omstende som indikerer risiko at ein her bør sjå nærare på dei vurderingar som er lagt til grunn. Verdien av goodwill er eit slikt døme, det same gjeld postar i rekneskapet skal kan vurderast etter "beste estimat"<sup>77</sup>. Der situasjonen er at store delar av egedelane knyt seg til usikre postar og det følgjeleg er stor grad av usikkerheit knytt til dei faktiske verdiar i selskapet, bør dette verke inn på risikofordelinga der finansinstitusjonen likevel vel å yte kreditt og det sidan viser seg at dei skjønsmessige vurderingane ikkje var i nærleiken av realiteten. Det er her tale om ein tydeleg risiko som finansinstitusjonen har klar oppfordring til å reagere på. Dersom finansinstitusjonen i for stor grad baserer seg på revisor si vurdering utan å føreta tilstrekkelege sjølvstendige undersøkingar og såleis sviktar i forhold til eiga undersøkingsplikt vil det vere eit typisk

---

<sup>77</sup>Regnskapsloven §4-2

tilfelle der det kan bli aktuelt med redusert erstatning som følge av finansinstitusjonen si eiga rolle i årsaksbiletet.

## 4 Erstatningsansvaret ved ulike skadevaldande handlingar

### 4.1 Innleiing

Erstatningsansvar for revisor kan ha bakgrunn i mange ulike skadevaldande handlingar. Felles for dei er at det ligg føre ein situasjon der revisor har handla i strid med det ein ventar av ein alminneleg aktsam og dyktig revisor. Det føreligg med andre ord ein situasjon der revisor skulle ha reagert på risikoen for skade.

I ein situasjon der finansinstitusjon lid tap som følgje av at revisor har handla culpøst, er det tre skadesituasjonar som er særskilt nærliggjande. For det første manglande avdekking av feil eller misligheter i årsrekneskapane. For det andre godkjente årsrekneskap som teiknar eit sterkt misvisande bilete. For det tredje mangelfull informasjon knytt til særskilde forhold ved postar i rekneskapet og selskapet sin økonomi. Desse tre skadesituasjonane blir det sett nærare på. Det blir fokusert på kva som kjenneteiknar dei ulike situasjonane samt kva omsyn som gjer seg særskild gjeldande i dei ulike skadesituasjonane. Dansk Høgsterettspraksis vil bli nytta til illustrasjon og vurderingar kring dei ulike situasjonane

### 4.2 Mangelfull revisjon i forhold til avdekking av feil og misligheter

Skadesituasjonen er karakterisert ved at det er manglar ved revisjonen, slik at vesentleg feilinformasjon i rekneskapet ikkje har blitt oppdaga og kreditt er ytt på feil grunnlag. Revisorloven §5-1 og §5-2 regulerer innhaldet av revisjonen og revisor sine plikter ved utføringa. Etter Revl §5-1 tredje ledd skal revisor "gjennom revisjonen bidra til å forebygge misligheter og feil". I førearbeida til Revisorloven §5-2 som regulerer revisors plikter blir det uttalt at " Departementet støtter utvalgets syn på at revisjonen bør ha som formål å bidra til å forebygge misligheter og feil. Departementet anser det som viktig at det kommer klart frem i loven at revisor har en selvstendig oppgave i forhold til å bidra til å forebygge ulike

former for økonomisk kriminalitet”.<sup>78</sup> Ved at avdekking av misligheter har ei så sentral rolle i revisjonen at det er sett på som ein del av føremålet, vil ein mangelfull revisjon på dette punktet vere særskilt kritikkverdige. Det er tale om svikt på eit svært vesentleg område av revisjonen.

Ei nærare skildring av kva som er revisor sine plikter etter revl §5-1 og §5-2 er tatt med i NOU 2008: 12 punkt 4.5.8 ISA 240<sup>79</sup> ”Revisors oppgaver med og plikter til å vurdere misligheter ved revisjon av regnskaper” er eit eigna utgangspunkt for vurderinga av om revisor har føretatt ein mangelfull revisjon i forhold til avdekking av feil og misligheter. Revisors plikter etter ISA 240 er betrakteleg bygd ut<sup>80</sup> i forhold til RS 240 ”misligheter og feil”<sup>81</sup> og gjev revisor meir omfattande plikter på fleire vesentlege punkt. Standarden inneheld krav til korleis revisor skal opptre for å avdekkje misligheter, samt eit vedlegg der ulike mislighetsrisikofaktorar blir gjort greie for samt forslag til revisjonshandlingar for å handtere risikoane. ISA 240 gjev såleis god vegleiing i arbeidet med å avdekkje misligheter.

Det er hovudsakleg to typar tilsikta feilinformasjon/misligheter som er relevant for revisor. For det første feilinformasjon som skuldast ureieleg rekneskapsrapportering og for det andre feilinformasjon som eit resultat av underslag av eigedom.<sup>82</sup> For finansinstitusjonar vil begge delar kunne leie til tap. Underslag av eigedomar vil i tillegg til å forårsake feil i årsrekneskapa og kredittytting på feil grunnlag,

---

<sup>78</sup> Ot. Prp nr 75 (1997-1998) under punkt 5.1.5.1 ”Generelt om revisjonens formål og innhold” s 34.

<sup>79</sup> Revisors Håndbok 2012 (s. 146-172)

<sup>80</sup> Kjelløkken, Roger, ”RS 240 Revideres”, *Revisjon og Regnskap*, nr 2 2005. s 41-45

<sup>81</sup> RS 240, ikrafttredelse 01. Jan 2003.

<sup>82</sup> ISA 240- ”Revisors oppgaver med og plikter til å vurdere misligheter ved revisjon av regnskaper”, *Revisors Håndbok 2012* (s. 146-172) punkt 3, s 147.

kunne redusere dei midla som finst i eit eventuelt konkursbu til å dekkje forplikingar. Ureieleg rekneskapsrapportering har ofte nettopp som mål å skaffe seg fordelar, til dømes kreditt og urettmessig kredittytting kan såleis vere ein del av sjølvne motivasjonen bak handlinga.

Det er fleire forhold som kan gjere revisjon og revisjonserklæring mangelfull i forhold til avdekking av misligheter. Det kan til dømes skuldast dårleg val av metode, utilstrekkelege undersøkingar eller for mykje tiltru til leiinga i verksemda og den informasjon dei gjev.

Høgsterett påpeikte i Rt 2003 s. 696 at det er "rom for en viss kritikkverdige atferd før det blir tale om erstatningsbetingende uaktsomhet"<sup>83</sup>. At det føreligg kritikkverdige forhold, treng såleis ikkje medføre at revisor er erstatningsansvarleg. Kritikkverdige atferd og ansvarsbetingande kritikkverdige atferd er ikkje det same. At det føreligg brot med ISA og god revisjonsskikk er kritikkverdige men det er ikkje i seg sjølv nok. Revisor må ut frå den konkrete situasjonen hatt oppfordring til å reagere på skaderisikoen med den følgje at han skulle ha handla annleis. Slik ISA 240 er utforma vil den gje oppfordring til å reagere på skadesrisikoen i ein del situasjonar.

I Rt 2010 s. 1328 som direkte omhandla spørsmålet om revisor ved mangelfull revisjon kunne straffast for medverknad til brot på rekneskapslova kom Høgsterett til at det var tale om grovt aktlaust brot med Revl §9-3 gjennom unnlaten eller mangelfull revisjon. Høgsterett viser til Lagmannsretten sine vurderingar<sup>84</sup> av at revisjonen var mangelfull og i strid med god revisjonsskikk då det ikkje var føretatt

---

<sup>83</sup> Rt. 2003 s 696 (Ivaran Shipping) avsnitt 43

<sup>84</sup> Rt 2010 s 1328 avsnitt 30 viser til LB 2009 80355 for skildring av revisjonen.



tilstrekkeleg eller hensiktsmessig revisjon, og feilaktig og villeiande rekneskapsføring vart godkjent<sup>85</sup>. Lagmannsretten slutter seg igjen til tingretten si vurdering og siterer ”.. Sett i lys av de åpenbare faresignaler som er beskrevet ovenfor og som burde ha skjerpet enhver revisors årvåkenhet, vidare sett i lys av det store antall poster som har vært gjenstand for overfladisk og i flere tilfeller knapt noen revisjon og endelig sett i lys av den store betydning de aktuelle poster hadde for det reviderte selskaps stilling og i praksis levedyktighet, finner retten det ikke tvilsomt at As revisjon kvalifiserer for betegnelsen grov uaktsom”.<sup>86</sup>

Sjølv om dommen ikkje direkte omhandlar erstatningsansvar er saka eigna å kaste ljøs over kva som kjenneteiknar ein mangelfull revisjon. Det førelåg openberre faresignal noko som inneber at revisor hadde oppfordring til å reagere på skaderisiko. Det var ei stor mengd postar som berre hadde vore sær overflatisk eller knapt vurdert under revisjonen. Dette kan tyde på at revisor har vore uforsvarleg overflatisk i sin gjennomgang av selskapet og ikkje skaffa seg tilstrekkeleg tryggleik for at det reviderte rekneskapet i all hovudsak var rettvise. Vidare var den overflatiske gjennomgangen knytt til postar som hadde stor innverknad på rekneskapet og selskapets evne til å leve. Dette er med på å gjere den overflatiske gjennomgangen meir alvorleg. Revisor skal ved revisjonen alltid ta stilling til om det er grunnlag for fortsatt drift<sup>87</sup>, noko den reelle situasjonen i Sponsor Service ASA ikkje gav grunnlag for. Revisjonsselskapet vart kjent erstatningsansvarleg for kreditorars tap i ei anna sak for Borgarting Lagmannsrett<sup>88</sup>.

---

<sup>85</sup> LB 2009 80355 under avsnittet “nærmere om tiltalen”

<sup>86</sup> LB 2009 80355 under avsnittet “straffutmålingen.”

<sup>87</sup> Revl § 5-6 fjerde ledd nr 4.

<sup>88</sup> RG 2008 S 705 (Sponsor Service).

I UFR 1978 653H var forholda at revisor ikkje hadde undersøkt om eit selskap hadde stilt sikkerhet utover det som framgjekk av rekneskapa i selskapet. Dansk Højesterett frifann revisor for erstatningsansvar og grunn gav dette med at «Efter det afgivne responsum og den af statsautoriseret revisor Rath i tilknytning hertil afgivne forklaring findes det ikke at være tilstrækkeligt til at pådrage erstatningsansvar, at indstævnte ud over at få bekræftet de oplysninger om sikkerheder, der fremgik af regnskaberne, ikke stillede Fyens Landmandsbank spørgsmål om, hvorvidt der over for denne også af Tradetex var stillet sikkerheder, som ikke fremgik af dette selskabs regnskab. Efter de foreliggende oplysninger om anvendelsen af fuldstændighedserklæringer på daværende tidspunkt findes det heller ikke at kunne fastslås, at revisors undladelse af at indhente en sådan erklæring har været ansvarspådragende”.

I UFR 2000 595 H var situasjonen at ein revisor var deltakande i utarbeidinga av perioderekneskap. Opplysningane i perioderekneskapen gjekk seinare inn som ein del av avgjerdsgrunnlaget for investorar. Højesteret fann at revisjonsselskapet hadde ”udvist en adfærd, der kan pådrage selskabet erstatningsansvar”<sup>89</sup> og slutta seg til Landsrettens grunngeving med at revisor ”udarbejdede perioderegnskabet (...) efter selskabets ledelses anvisninger, i umiddelbar strid med såvel de (...) vedtagne regnskabsprincipper som med sin egen oprindelige opfattelse og uden at undersøge, om der var faktisk dækning for ændringerne, eller foretage tilførsel til revisionsprotokol om forholdet.”<sup>90</sup>. Højesterett konkluderte med at revisor hadde tilsidesatt god revisjonsskikk og at det følgjeleg førelåg

---

<sup>89</sup> UFR 2000 595 H s 620

<sup>90</sup> UFR 2000 595 H s 618

ansvarsgrunnlag. Revisjonsselskapet vart likevel ikkje erstatningsansvarleg då det ikkje vart påvist tilstrekkeleg årsakssamband.

Revisor unnlot å undersøkje om det fanst grunnlag for ei endring i rekneskapet som var i strid med hans opphavlege oppfatting. Endringa skjedde på anvising frå leiinga i selskapet. Det er eit eksplisitt krav etter ISA 200 at revisor "skal planlegge og gjennomføre en revisjon med profesjonell speksis og være inneforstått med at det kan foreligge omstendigheter som kan medføre at regnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon"<sup>91</sup>. I denne konkrete saka skjedde endringa i strid med vedtekne rekneskapsprinsipp og revisor si opphavlege oppfatting. I situasjonen ligg det ei tydeleg oppfordring for revisor til å reagere på skaderisikoen og føreta nærare undersøkingar, noko som ikkje skjedde. Å handle i slik blind tillit til leiinga hjå revisjonsklient vil vanskeleg vere i samsvar med kravet etter ISA 200 om ei profesjonelt skeptisk haldning<sup>92</sup>. Når det dessutan føreligg oppfordring til å reagere på skaderisikoen kan ein vanskeleg kome til at revisor ikkje skulle ha handla annleis i den konkrete situasjonen.

I UFR 2003 2505 H blei revisor kjent erstatningsansvarleg for manglande gjennomgang av den interne kontrollen i eit selskap. Eit selskap hadde lidt tap som følgje av underslag frå bokhaldaren over fire år. Saka gjeld direkte ansvar for revisjonsklient, ikkje tredjemannstap, men ansvaret bygde på mangelfull revisjon vurderingane kring dette vil vere tilsvarande.

Højesteret uttaler med støtte i responsumudvalget sine uttalingar at revisjonsplanen "burde have omfattet en gennemgang af den interne kontrol i selskabet, og at dette ville have afsløret, at ledelsen

---

<sup>91</sup> ISA 200 *Revisors Håndbok 2012* pkt 15, s. 101

<sup>92</sup> ISA 200 *Revisors Håndbok 2012* pkt 15, s. 101

ikke havde tilrettelagt en hensigtsmæssig kontrol med udbetalte lønninger”<sup>93</sup>. Det blir framheva at revisor i revisjonsprotokollen burde ha skildra dei kontrollmessige svakheitene ein minimal administrativ stab kan medføre samt dei førebyggjande tiltak leiinga i selskapet burde verksett for å redusere risikoen. Dei konkluderer med at ” den manglende gennemgang af den interne kontrol og den manglende orientering af ledelsen om den kontrolmæssige svaghed må tilregnes [revisor] som ansvarspådragende fejl”.<sup>94</sup>

Revisor unnlot å undersøkje internkontrollen i eit selskap samt å gjere merksam på den risiko som oppstår i ein situasjon der eit svært avgrensa krets har alt administrativt ansvar og dei tryggingstiltak som burde vore verksett. Tilsyn med internkontroll er ei viktig revisjonshandling nettopp for å vurdere risikoen for misligheter og etter ISA 315<sup>95</sup> skal revisor ”opparbeide seg en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen”. Revisor kan såleis ikkje velje å fullstendig unnlata å vurdere internkontrollen. Dersom det likevel skjer har revisor forsømt sine plikter i samband med revisjonen. Når det er tale om undersøkingar som er av så grunnleggjande karakter vil unnlatinga i seg sjølv representere ein skadesrisiko som revisor skulle ha reagert på og handla annleis i forhold til.

Den første dommen<sup>96</sup> er betrakteleg eldre enn dei siste<sup>97</sup>, og det er såleis ikkje gitt at ein ville falle ned på same løysing i dag. Dette må sjåast på bakgrunn av ønsket om at revisor skal spele ei viktigare rolle i

---

<sup>93</sup> UFR 2003 2505 H s. 2515

<sup>94</sup> UFR 2003 2505 H s. 2515

<sup>95</sup> ISA 315 - “Identifisering og vurdering av risikoene for vesentlig feilinformasjon gjennom forståelse av enheten og dens omgivelser”, *Revisors Håndbok 2012* (s. 210-239) punkt 12. s.212

<sup>96</sup> UFR 1978 653H

avdekking av misligheter enn han tradisjonelt har gjort, noko som mellom anna går tydeleg fram av den utviklinga i revisors ansvar i forhold til avdekking av misligheter ein ser internasjonalt. Utviklinga er synleg mellom anna gjennom endringar i revisjonsstandardane. I NOU 1997: 9 blir det lagt til grunn at "Gjeldende standarder for god revisjonsskikk er viktige element i bekjempelse av økonomisk kriminalitet. Forslagene til nye standarder formulerer krav til revisor som forsterker dette. Vesentlig i så måte er kravet om at revisor ved planlegging av revisjonsoppdraget og ved valg av revisjonshandlingar skal ha spesiell oppmerksomhet rettet mot risikoen for misligheter og feil"<sup>98</sup> Dette er ei utvikling på internasjonalt nivå og ei utvikling i dansk rettspraksis på området vil kunne spegle den gjeldande oppfattinga også i Noreg.

Relevant for vurderinga av om revisor skulle ha reagert på den konkrete skaderisikoen, er også om revisor har møtt på mislighetsrisikofaktorar. Gjennom ISA 240<sup>99</sup> vedlegg 1 får revisor ei uttrykkeleg oppfordring til å reagere på ei rekkje omstende som er kjent å auke risikoen for misligheter. ISA 240 vedlegg 2 følgjer opp med døme på mogelege revisjonshandlingar for å "håndtere de vurderte risikoene for vesentlig feilinformasjon som skyldes misligheter"<sup>100</sup>. ISA 240 kan òg vere eit nyttig verktøy for revisor i møte med mislighetsrisikofaktorar i arbeidet med å avkrefte eller bekrefte i kva grad det faktisk har funne stad misligheter.

---

<sup>97</sup>UFR 2000 595 H og UFR 2003 2505 H

<sup>98</sup>NOU 1997: 9 Om revisjon og revisorer, Side 87.

<sup>99</sup>ISA 240- "Revisors oppgaver med og plikter til å vurdere misligheter ved revisjon av regnskaper", *Revisors Håndbok 2012* (s. 146-172) Vedlegg 1 (s. 165-168)

<sup>100</sup>ISA 240- "Revisors oppgaver med og plikter til å vurdere misligheter ved revisjon av regnskaper", *Revisors Håndbok 2012* (s. 146-172) Vedlegg 2. (s 169-171)

Dei to siste dommane<sup>101</sup> konkluderer med at revisor skulle ha reagert på skaderisikoen og at han skulle ha handla annleis i den konkrete situasjonen. I begge tilfella er det unnlatinga som er den sentrale ansvarsutløysande handlinga, noko som generelt er eit kjenneteikn ved mangelfull revisjon. Medan revisor i UFR 2000 595 H er nærast brot med det grunnleggjande prinsippet om ei profesjonelt skeptisk haldning og har ei særst tydeleg oppfordring til å reagere på skadesrisikoen, er det for revisor i UFR 2003 2505 H tale om å unnlate å utføre ei grunnleggjande revisjonshandling med ein meir implisitt skadesrisiko. Dette viser at oppfordringa til å handle annleis i ein konkret situasjon kan vere både i form av ein tydeleg skadesrisiko ved forhold ein oppdagar gjennom revisjon og kommunikasjon med revisjonsklient, men også ved at den unnlatne handlinga er så vesentleg for heilskapen at ho i seg sjølv representerer skaderisikoen.

I forhold til finansinstitusjonane si eiga undersøkingsplikt kan det vere vanskeleg for dei å oppdage svakheiter ved sjølv utføringa av revisjonen. I kva grad dei revisjonshandlingar som har funne stad er tilstrekkelege og forsvarlege kan ein vanskeleg vurdere utan å setje seg grundig inn i utføringa av den konkrete revisjonen. Risikoen for skade i desse tilfella vil gjerne føreliggje generelt utan oppfordring for finansinstitusjonen til å reagere på risikoen i den konkrete skadesituasjonen. Dette må likevel vurderast konkret i kvart einskild tilfelle.

---

<sup>101</sup> UFR 2000 595 H og UFR 2003 2505 H

### 4.3 Dei reviderte årsrekneskapane teiknar eit misvisande bilete

Situasjonen er karakterisert ved at den informasjonen som er gitt i den reviderte årsrekneskapen ikkje teiknar eit korrekt bilete av dei økonomiske tilhøva i selskapet. I all hovudsak blir det søkt å teikne eit betre bilete enn det som er realiteten gjennom "sminking" av rekneskapa. Dette kan skje på fleire måtar; felles er at ein ved hjelp av kreativ rekneskapsføring gjev ein illusjon av ein betre økonomisk tilstand enn det som er realiteten.

Medan det i avsnitt 4.2 var unnlatinga av å gjere undersøkingar trass i oppfordring til å reagere på risikoen som var det ansvarsutløysande for revisor, er situasjonen annleis her. Revisor har godkjent eit rekneskap der innhaldet er uforsvarleg eller i strid med vedtekne prinsipp for rekneskapsføring og regelverk. For revisor nærmar såleis forholdet seg det grovt aktlause eller forsettlege, og spørsmålet om straffansvar for revisor grunna medverknad til brot på regnskapsloven kan bli aktuelt<sup>102</sup>.

Når ein passerer det punktet der revisor har handla uforsvarleg eller aktlaust og nærmar seg grovt aktlaust eller forsettlege slik at det nærast er tale om ein medverknadssituasjon vil ein stå ovanfor ein aukande grad av kritikkverdige framferd. Der revisor nærast har medverka til handlinga, oppstår spørsmålet om- og eventuelt korleis dette bør verke inn på erstatningsansvaret. I forhold til finansinstitusjonar si eiga undersøkingsplikt kan det vere vanskelegare å oppdage at det føreligg feilinformasjon her enn der revisor har vore aktlaus. Dette skuldast at revisor her gjerne har gjort ein innsats nettopp med å få årsrekneskapet til å framstå som korrekt og skjule alle spor etter

---

<sup>102</sup> Spørsmålet om straffansvar for revisor grunna medverknad til brot på rskl er t.d. drøfta i Rt 2010 s 1328.

rekneskapsmanipulasjonen, medan den aktlause revisor ikkje har lagt energi i dette. Dette kan indikere at det sjeldnare vil vere aktuelt med redusert erstatningsansvar for revisor grunna finansinstitusjonen si rolle i årsaksbiletet.

Det er mange forhold som kan leie til at eit rekneskap teiknar eit misvisande bilete. Det avgjerande for revisor sitt erstatningsansvar vil vere om revisor skulle reagert på den konkrete skaderisikoen og følgjeleg skulle ha handla annleis. Her må ein sjå nærare på risikoens art og grad. Rekneskapsmanipulasjonen må vere av ein slik type og av eit slikt omfang at den totalt representerer ein synleg risiko. Grovheita av rekneskapsmanipulasjonen vil såleis vere vesentleg ved vurderinga av om revisor skulle ha reagert på risikoen.

I UFR 1982 595 H vart revisor kjent solidarisk ansvarleg med direktør/hovedaksjonær for kreditors tap som følgje av forteiingar og misvisande rekneskap. Det var under saksgangen stilt spørsmål til "skønsmændene" kring revisors handlemåte i forhold til revisjonen.

Vurderingane frå "skønsmændene" var at det har skjedd ei inntektsføring i utakt med prosjektets ferdiggrad og at dette ikkje var forsvarleg då " Betegnelsen forsvarlig kan efter vor opfattelse kun rumme en indtægtsførsel af a conto avance, der som ovenfor nævnt sker i takt med arbejdets udførelse."<sup>103</sup> dei framheva vidare at " Det er naturligvis muligt, at en anden vurdering af igangværende arbejder og deraf følgende indtægtsførsel af a conto avance i visse specielle situationer kunne være forsvarlig, men dels synes en sådan speciel situation ikke at have foreligget i den konkrete situation, og

---

<sup>103</sup> UFR 1982 595H s. 600 Spm 2



dels ville dette kræve en speciel redegørelse i bestyrelsens beretning”<sup>104</sup>. Inntektsføringa var i strid med lov og dei hadde aldri vore ute for tilsvarande inntektsføring<sup>105</sup>.

Det er hovudsakleg revisors godkjenning av den konkrete inntektsføringa av prosjektinntektene som leier til at revisor etter rettens meining har handla i strid med god revisorskikk og er erstatningsrettsleg ansvarleg for kreditors tap. Den aktuelle måten å inntektsføre prosjektinntekter på var i strid med dansk lov.

Etter Revl §5-1 første ledd skal revisor ”vurdere om årsregnskapet er utarbeidet og fastsatt i samsvar med lov og forskrifter”. Lovstridig inntektsføring vil vere eit forhold revisor skulle ha handla annleis i forhold til. Der det i den konkrete saka ikkje var aktaust av revisor å ikkje reagere på risikoen for skade må utgangspunktet modifierast. Der tapet er så vesentleg at erstatningssak blir reist vil det likevel oftast vere tale om eit så vesentleg forhold at oppfordringa til å reagere var klar. I ei sak som denne der inntektsføringa var så uvanleg at skønsmentene aldri i sin praksis hadde sett liknande, vil det føreliggje ei relativt tydeleg oppfordring til å reagere på skadesrisikoen og gjere nærare undersøkingar kring lovlegheita av inntektsføringa før ein godkjenner den.

I forhold til om revisor har oppfordring til å reagere på skaderisikoen må ein også sjå nærare på kor sentrale brot med regelverket det er tale om. I ISA 250<sup>106</sup> ”Vurdering av lover og forskrifter ved revisjon av regnskaper” blir det gjort eit skilje mellom ”revisors oppgaver og plikter i forbindelse med

---

<sup>104</sup> UFR 1982 595H s. 600 Spm2

<sup>105</sup> UFR 1982 595H s. 601 Spm 5B

<sup>106</sup> ISA 250 - ”Vurdering av lover og forskrifter ved revisjon av regnskaper”, *Revisors Håndbok* 2012 (s. 172-180)

overholdelse”<sup>107</sup> av to kategoriar av lovar og forskrifter. Sondringa skjer på bakgrunn av om lovene eller forskriftene blir vurdert å ha ”direkte betydning for fastsettelsen av vesentlige beløp og tilleggsopplysningar i regnskapet”<sup>108</sup> eller ikkje.

Føremålet med at revisor skal vurdere om gjeldande regelverk er følgd er mellom anna at rekneskapslesaren skal kunne lite på at informasjonen gitt i rekneskapet er rettvisande. Felles følgd regelverk gjev felles føresetnadar å vurdere innhaldet på bakgrunn av, noko som er vesentleg for korrekt rekneskapsanalyse og vurderingar for rekneskapsbrukaren. Konsekvensane av at føresetnaden ikkje er til stades vil avhenge av kor sentral rolle den har ved fastsetjinga. Det er også eit viktig moment at revisor ikkje har svært omfattande opplæring verken i jus eller rekneskapsføring, og ein kan følgjeleg ikkje vente at han kjenner til alle små reguleringar. Av omsyn til tid, og ressursar til rådevelde, kan ein heller ikkje vente at revisor kontrollerer rettmessigheita av relativt ubetydelege verdiar.

Mykje kan difor tale for å la den same sondringa som ein finn i ISA 250 vere eit moment i forhold til vurderinga av om revisor skulle ha reagert på skaderisikoen. Det framstår som eit velfundert utgangspunkt for eit skilje, og samanfall med ISA vil i seg sjølv vere hensiktsmessig.

I UFR 1982 595H vart det vidare stilt spørsmål til skønsmendene om det føreliggjande materialet var ” af en sådan standard, at bestyrelsen heri havde et rimeligt udgangspunkt for at skaffe sig en realistisk

---

<sup>107</sup> ISA 250 - “Vurdering av lover og forskrifter ved revisjon av regnskaper”, *Revisors Håndbok* 2012 (s. 172-180) pkt 6, s 174

<sup>108</sup> ISA 250 - “Vurdering av lover og forskrifter ved revisjon av regnskaper”, *Revisors Håndbok* 2012 (s. 172-180) pkt 6, s 174

vurdering af selskabets tilstand” svarte ein at ” Det foreliggende materiale giver næppe i sig selv bestyrelsen mulighed for at skaffe sig en realistisk vurdering af selskabets tilstand.”<sup>109</sup> Revisor hadde i den konkrete saka godkjent ei inntektsføring som danna eit fullstendig misvisande bilete av dei faktiske tilhøva, slik at ein ikkje ut frå årsrekneskapane kunne føreta ei realistisk vurdering av den faktiske tilstand selskapet var i. Der verknaden av den irregulære og her lovstridige rekneskapsføringa er så omfattande kan det vanskeleg sjåast ein situasjon der revisor ikkje burde reagert på den konkrete skaderisiko.

Dommen er eit tydeleg døme på at revisor kan bli erstatningsrettsleg ansvarleg for å gjennom revisjonen medverke til eit rekneskap som teiknar eit misvisande bilete. Høyesteret presiserte at ”Regnskabet, der derved blev i væsentlig grad misvisende, blev gennem Aktieselskabs-Registeret stillet til rådighed for omverdenen, og begge de nævnte indstævnte måtte regne med, at det herved kunne blive benyttet som vejledning med henblik på kreditgivning til selskabet, hvilket også skete.”<sup>110</sup>

Når den godkjente årsrekneskapen er så misvisande at den ikkje er eigna å gje eit realistisk bilete av situasjonen blir forholdet til finansinstitusjonen si undersøkingsplikt satt på spissen. Kva dei burde ha oppdaga gjennom eigne undersøkingar vil avhenge av kva forhold i årsrekneskapen den misvisande informasjonen relaterer seg til. Uavhengig av finansinstitusjonen sin innsats vil revisor gjennom sitt ofte grovt aktlause nærast forsettlege bidrag spele ei så sentral rolle i årsaksbiletet at det vil vere naturleg å knyte ansvar til hans handling. Dette bør bli reflektert i erstatningsansvaret ved vurderinga av revisor si rolle i årsaksbiletet ved eventuell ansvarsfordeling mellom partane.

---

<sup>109</sup> UFR 1982 595 H s. 601 Spm 5

<sup>110</sup> UFR 1982 595 H s 608.

#### 4.4 Mangelfull informasjon om relevante forhold

Situasjonen er karakterisert ved at revisor har halde tilbake informasjon som etter retten si vurdering burde vore tatt med i revisjonserklæringa. Den informasjonen rekneskapslesar får gjennom den reviderte rekneskapen er såleis mangelfull. Ansvar blir i dette tilfellet bygd på at revisor skulle reagert på den risiko det representerte at rekneskapslesarane ikkje hadde tilgang til den aktuelle informasjonen. Det er hovudsakleg to scenario som kan utløyse dette.

Revisor kan for det første få kjennskap til omstende som kan verke inn på selskapets økonomiske forhold, men unnlate å gjere notasjon om det i samband med revisjonen. Etter ISA 706<sup>111</sup> pkt 6 er det eit krav at revisor skal "gjøre brukerne oppmerksomme på et forhold presentert eller beskrevet i regnskapet som etter revisors skjønn er av grunnleggende betydning for brukernes forståelse av regnskapet "dersom han anser det som naudsynt. Som døme på eit slikt forhold som ein bør gjere merknad om nemner ISA 706 pkt A1<sup>112</sup> "når det er knyttet usikkerhet til det fremtidige utfallet av en eksepsjonell rettsvist eller regulatorisk tiltak".

---

<sup>111</sup> ISA 706 – "Presiseringsavsnitt og avsnitt om "andre forhold" i den uavhengige revisors beretning", *Revisors Håndbok 2012 (s 473-479)* pkt 6 s 474.

<sup>112</sup> ISA 706 – "Presiseringsavsnitt og avsnitt om "andre forhold" i den uavhengige revisors beretning", *Revisors Håndbok 2012 (s 473-479)* punkt A1, s. 475

I Investa-dommen<sup>113</sup> kom Borgarting Lagmannsrett til at det førelåg så spesielle eigarforhold på tvers av selskap i Investa AS, at omfanget og verknaden av det var så vesentleg at det burde vore gitt som tilleggsinformasjon til årsrekneskapen<sup>114</sup>. Fleirtalet i Lagmannsretten kom til at det var "erstatningsbetingende uaktsomt av styret og revisor ikke å sørge for at tilstrekkelige opplysninger ble tatt inn i årsoppgjørene og formidlet til innlånskreditorene. Dette må gjelde selv om krysseie var en forholdsvis ny problemstilling som var lite behandlet i norsk regnskapsteori"<sup>115</sup>. At slik tilleggsinformasjon ikkje var gitt blei vurdert som erstatningsbetingende uaktsomt av styret og revisor. I dommen vart det derimot ikkje erstatningsansvar for revisor grunna manglande årsakssamband. Investa saka er trass utfallet ein eigna illustrasjon på tilhøve der mangel på informasjon, tilbakehald, blir vurdert som culpøs åtferd frå revisor si side.

Situasjonen kan for det andre oppstå ved at revisor ikkje overheld plikta til å gjere merknader eller ta atterhald i revisjonserklæringa. Etter Revl §5-6 skal revisor i revisjonserklæringa uttale seg om "årsregnskapet etter revisors oppfatning gir et rettviseende bilde".<sup>116</sup> Dersom revisor ikkje finn at rekneskapet "gir de opplysninger om foretakets resultat og stilling som burde vært gitt, skal revisor ta forbehold, og eventuelt gi nødvendige tilleggsopplysninger i sin beretning".<sup>117</sup> Etter ISA 705<sup>118</sup> skal

---

<sup>113</sup> LB-1995-3002

<sup>114</sup> LB-1995-3002, retten uttalar under punkt 3, krysseie at " Etter flertallets mening er det ikke tvilsomt at krysseiet skulle ha vært fullt opplyst i årsoppgjøret"

<sup>115</sup> LB-1995-3002, punkt 3, krysseie

<sup>116</sup> Revl §5-6 4. Ledd nr 1

<sup>117</sup> Revl §5-6 5. ledd

<sup>118</sup> ISA 705 - "Modifikasjoner i konklusjonen i den uavhengige revisors beretning Revisors Håndbok 2012 (s. 457-473)

revisor ta atterhald også der den moglege verknaden av eventuell uavdekka feilinformasjon kan vere vesentleg men ikkje gjennomgripande .<sup>119</sup>

I UFR 2001 781 H var spørsmålet om revisor var erstatningsansvarleg ovanfor ein bank grunna uriktig verdifastsetjing av ei uteståande fordring i rekneskapet. Revisor hadde først tatt atterhald i forhold til verdifastsetjinga av den aktuelle fordringa. Etter samtalar med eigaren av selskapet og ein medarbeidar i banken utelet revisor atterhaldet frå det endelege rekneskapet. Responsum-udvalget uttalte på spørsmål om fordringa at “revisor burde have afkrævet ledelsen mere aktuell dokumentation (...) Det er dermed udvalgets opfattelse, at revisor ved undladelse heraf ikke har levet op til god revisionskik”.<sup>120</sup> Revisor vart i dette tilfellet ikkje erstatningsansvarleg då Højesteret kom til at det ikkje var årsakssamband mellom den uriktige verdifastsetjinga og tapet. Som ei følge av det manglande årsakssambandet kjem Højesteret ikkje med ein klar konklusjon på om dei meiner revisor har vore culpøs. Mykje kan likevel tale for at det er denne løysinga som vert lagt til grunn då manglande ansvarsgrunnlag ikkje blir nytta som grunngjeving for frifinninga, og det heller ikkje blir knytt kommentar i motsett retning.

Trass i at revisor i saka over ikkje var erstatningsansvarleg, hadde han handla i strid med “god revisionskik” ved å ikkje etterlyse meir informasjon.<sup>121</sup> Revisjonen var såleis mangelfull på dette punktet. Ved å utelate atterhaldet frå det endelege rekneskapet hadde han bidratt til å gjere

---

<sup>119</sup>ISA 705 - “Modifikasjoner i konklusjonen i den uavhengige revisors beretning. Revisors Håndbok 2012 (s. 457-473)punkt 7 s.458

<sup>120</sup> UFR 2001 781 s 789

<sup>121</sup>UFR 2001 781 H s 789

rekneskapet misvisande. Eit atterhald i forhold til verdifastsetjinga ville gjort rekneskapslesaren merksam på det tvilsame omfanget av posten og risikoen knytt til denne og kunne med det hindra skade.

Dei to scenarioa skil seg frå kvarandre ved at i det første tilfellet er tale om relativt ekstraordinære omstende, medan det i det andre scenarioet dreier seg om forhold som ein frå tid til anna støyter på.

I den første situasjonen kjem forholdet til kredittøkjars eiga informasjonsplikt på spissen. Pågåande rettssakar og liknande forhold er noko kredittøkjar typisk er plikta å informere finansinstitusjonen om ved kredittøkknad. Så lenge revisor etter ISA, og følgjeleg mest sannsynleg god revisjonsskikk, er plikta å informere om slike forhold, vil likevel erstatningskrav truleg leie fram, gitt at revisor i den konkrete situasjonen skulle ha reagert på skaderisikoen. Ein reduksjon av revisor sitt erstatningsansvar på bakgrunn av vurderingar knytt til kredittøkjar sitt bidrag og rolle i årsaksbiletet kan likevel tenkjast. Dette vil uansett avhenge av ei konkret vurdering.

I den andre situasjonen er ikkje kredittøkjar si rolle i årsaksbiletet like sentral i forhold til erstatningsansvar ovanfor finansinstitusjonar. Revisor må sjølv vurdere om han har tilstrekkeleg grunnlag for å uttale seg om i kva grad rekneskapet er rettvise og ta konsekvensane dersom han ikkje har det. Det vil vere vanskeleg for finansinstitusjonen å føreta undersøkingar av om revisor burde gitt utdjupande kommentarar eller tatt atterhald. I ein situasjon med tilbakehald av informasjon eller manglande merknadar knytt til rekneskapane vil årsaksbiletet difor ofte vere slik at revisor vil måtte bere ansvaret for skaden aleine.

## **5 Erstatningsansvar der det har vore kommunikasjon mellom revisor og finansinstitusjonen**

### **5.1 Innleiing**

Dersom finansinstitusjonen har vore i tvil kring kredittytting og kontakta revisor for å få ytterlegare informasjon vil situasjonen endre seg i forhold til der finansinstitusjonen aleine byggjer på informasjonen i revisjonserklæringa. Situasjonen må sjåast i ljøs av finansinstitusjonen si eiga undersøkingsplikt, og at brot med denne kan leie til ansvarsdeling eller til at ansvar ikkje føreligg.

Etter Revl §6-2 har revisor opplysningsplikt ovanfor visse grupper om forhold han får kjennskap til under revisjonen. Dette gjeld mellom anna ovanfor generalforsamling og styret. Revisor har teieplikta etter Revl. §6-1. Revisjonsklient kan fritta revisor for teieplikta, og dermed opne for at han kan gje ytterlegare informasjon til finansinstitusjon.

Kommunikasjon mellom finansinstitusjon og revisor kring forhold revisor har fått kjennskap til i samband med revisjonsoppdraget må vere innanfor grensene for teieplikta eller med godkjenning frå revisjonsklient/kredittsøkjjar.

### **5.2 Nærare om ulike scenario**

Det er hovudsakleg tre ulike scenario ein kan stå ovanfor. For det første der revisor er fritatt for teieplikta og har gitt fyldestgjerande informasjon. For det andre der revisor er fritatt for teieplikta, men har halde tilbake relevant informasjon. For det tredje der revisor ikkje blir fritatt for teieplikta.

Den første situasjonen er kjenneteikna ved at revisor har fått oppfordring frå finansinstitusjonen og løyve frå klient til å kome med utfyllande informasjon kring dei reviderte dokumenta. Dette kan vere spørsmål av revisjonsteknisk art, som kva som er lagt til grunn for ulike skjønsmessige vurderingar og



estimat, eller det kan vere meir generelle spørsmål om forhold ved kredittsøkjjar som finansinstitusjonen ønskjer revisors vurderingar av basert på den kjennskap han har til selskapet. Dette kan til dømes vere interne forhold, selskapsleiing, marknad osv.

Der revisor uttalar seg om revisjonstekniske forhold vil dette først og fremst ha nytte som supplement til finansinstitusjonen sine egne vurderingar. Eit ønske om grunngjeving for revisor sine vurderingar vil gjerne oppstå ved avvik mellom finansinstitusjonen sine egne vurderingar og dei som er lagt til grunn i årsrekneskapen. Dersom finansinstitusjonen etter å ha høyrd kva revisor har bygd sine vurderingar på ikkje meiner dei er forsvarlege bør eventuell kredittytting baserast på deira egne vurderingar. Finansinstitusjonen har i ein slik situasjon sett skaderisikoen ved å byggje på revisors vurderingar, og vil, dersom dei likevel vel å leggje revisors vurderingar til grunn og yte kreditt, sjølv spele ei sentral rolle i årsaksbiletet. Finansinstitusjonen har såleis ei sjølvstendig plikt til å vise aktsemd i forhold til den informasjonen dei mottar. Dersom dei ut frå det biletet revisor teiknar måtte forstå at den informasjon som er lagt til grunn for dei reviderte årsrekneskapane ikkje er forsvarleg, men likevel vel å byggje på den vil deira rolle truleg bli vurdert som så dominerande i årsaksbiletet at det vil få innverknad på erstatningsansvaret.

Der revisor uttaler seg om meir skjønsmessige vurderingar knytt til forhold ved selskapet vil det dreie seg om vurderingar føretatt som eit ledd i hans eigentlege oppdrag for revisjonsklient, og har meir karakter av underliggjande eller bakanforliggjande vurderingar. Revisor føretar ikkje ein fullstendig selskapsanalyse og dei vurderingar revisor har gjort bør ikkje vere anna enn supplement til finansinstitusjonens egne vurderingar for å styrkje eller svekkje ein eventuell konklusjon. Dersom finansinstitusjonen burde føretatt ein fullstendig selskapsgjennomgang for vurdere om kredittyttinga er trygg, vil det vere urimeleg om dei kan oppnå same tryggleik ved å bruke revisors underliggjande vurderingar. Sjølv om revisor har opparbeida god kjennskap til- og forståing av selskapet gjennom sitt oppdrag er det finansinstitusjonen som er den profesjonelle aktøren i forhold til kredittytting og konkrete risikovurderingar knytt til slik verksemd er det dei som har best kompetanse og grunnlag for å føreta.

I mange tilfelle vil kredittsøkjjar sjølv vere den som har størst subjektiv skuld for skaden gjennom å presentere eit misvisande utval informasjon. Der kredittsøkjjar er ærleg, realistisk og ikkje heldt tilbake

informasjon vil finansinstitusjonen ha eit best mogeleg grunnlag for å vurdere risikoen ved kredittyttinga. Det er kredittøkjar som først og fremst er ansvarleg for å opplyse finansinstitusjonen om relevante forhold. Tap oppstår derimot ofte som ein konsekvens av at kredittøkjar ikkje har handla fullt så aktverdig. Grunna revisors kontrollfunksjon og rolle i å avdekkje nettopp slike forhold vil det likevel vere naturleg å knyte ansvar til hans bidrag til skaden. Revisors bidrag må vurderast konkret ut frå den aktuelle skadesituasjon, og sjåast i ljøs av finansinstitusjonen si eiga undersøkingsplikt.

Der revisor blir kontakta men heldt tilbake informasjon er det tale om betydeleg meir kritikkverdig oppførsel frå hans side. Revisor har her fått oppfordring frå finansinstitusjonen og løyve frå klient til å kome med utfyllande informasjon kring dei reviderte dokumenta. Revisor har likevel vald å halde tilbake informasjon eller gje eit slikt utval av informasjon at det gjev eit misvisande bilete.

Revisor har fått informasjon om at det føreligg forhold finansinstitusjonen stiller spørsmål ved. Dette er ei relativt direkte oppfordring i forhold til den konkrete skaderisiko. Når revisor i ein situasjon som dette ikkje føl opp, og dermed går god for eller stadfestar den bakanforliggjande handlinga, handlar revisor i strid med ei oppfordring til å reagere på den konkrete skaderisikoen. Revisor har her fått ei moglegheit til å redusere skadepotensialet ved den bakanforliggjande handlinga. Når han vel å ikkje nytte seg av denne er det særskilt kritikkverdig. Dersom det i utgangspunktet var tvil om revisor skulle ha reagert på den konkrete skaderisiko vil ein etter ei manglande oppfølging av ei konkret oppfordring frå finansinstitusjonen talar mykje mot at revisor i den konkrete situasjonen ikkje skulle ha reagert på risikoen for skade. Finansinstitusjonen har på si side vist aktsemd gjennom ytterlegare undersøkingar knytt til potensielt urovekkjande moment dei kom over i sin gjennomgang. Der revisor gjev ei tilbakemelding som er eigna til å tryggje finansinstitusjonen og leggje deira uro til kvil, må finansinstitusjonen trygt kunne byggje på denne, sjølv om revisor sitt grunnlag for ei slik uttaling er sviktande. Revisor har her ei særskilt sentral rolle i årsaksbiletet gjennom den konkrete oppfordringa til å reagere på risikoen for skade og den vidare handlemåten.

Her som elles må ein likevel stille krav til aktsemd. Finansinstitusjonen kan ikkje yte kreditt med tilvising til at revisor stadfesta informasjonen i revisjonserklæringa der det framstår som klart for dei at tilhøva ikkje kan vere slik som revisor hevdar. Ein må likevel ta omsyn til revisors grovt kritikkverdige framferd

og vurdere erstatningsansvaret ut frå den rolla dei ulike aktørane hadde i årsaksbiletet. Mykje talar for at revisor i slike tilfelle har vesentleg skuld for at skade skjedde, det kan likevel ikkje utelukkast at finansinstitusjon i den konkrete situasjon må bere ein del av ansvaret for at skade skjedde som følgje av eiga rolle i årsaksbiletet.

I RG 1993 1048 var spørsmålet om revisor på grunn av manglande revisjon og etterfølgjande kommunikasjon med banken kunne haldast erstatningsansvarleg for deira tap. Gulating Lagmannsrett kom til at revisor ikkje var erstatningsrettsleg ansvarleg for finansinstitusjonen sitt tap. Revisor hadde hatt telefonsamtale med sakshandsamaren i banken. Sakshandsamaren var sjølv revisorutdanna. Revisor hadde på spørsmål om den aktuelle posten uttalt at han hadde vore i tvil om denne, men godtatt den. Sakshandsamaren hadde ikkje stilt vidare spørsmål knytt til dette. Revisor var klar over at informasjonen skulle bli nytta som ledd i kredittvurdering men ikkje størrelsen av engasjementet. Lagmannsretten kom til at på grunnlag av "den plikt til selvstendig vurdering som en bank må antas i ha i forbindelse med behandling av søknad om innvilgelse av kassekreditt m.m. er det neppe grunnlag for å bebreide revisor som uaktsomt at han ikke av eget initiativ gikk nærmere inn på det underliggende forhold"<sup>122</sup>. Det ikkje kunne utelukkast at revisor ved ei eventuell revisjonsberetning ville kommentert forholdet eventuelt tatt atterhald. Her hadde revisor såleis halde tilbake informasjon, men finansinstitusjonen hadde på si side heller ikkje stilt nærare spørsmål sjølv om det må seiast å ha vore ein synleg risiko ved den aktuelle posten som kunne leie til tap. Finansinstitusjonen si rolle i

---

<sup>122</sup> RG 1993 1048 s 1055

årsaksbiletet var på bakgrunn av deira undersøkingsplikt vurdert å vere så sentralt at dei var nærast å bære tapet sjølv, medan revisor ikkje hadde handla erstatningsbetingande aktlaust<sup>123</sup>.

Den tredje situasjonen oppstår der finansinstitusjonen ved sin gjennomgang av kredittøkningen har oppdaga forhold som dei set spørsmålsteikn ved, og dermed ønskjer nærare informasjon om før dei tar stilling til kreditttytinga. Finansinstitusjonen kontaktar difor revisor, men revisor blir ikkje fritatt for taushetsplikta av klient og kan følgjeleg ikkje gje utfyllande informasjon.

Der finansinstitusjonen ber om ytterlegare informasjon men blir nekta dette av kredittøkjær, føreligg det ein sterk indikator på at kredittøkjær har noko å skjule. Der det føreligg forhold finansinstitusjonen ønskjer undersøkje nærare og kredittøkjær hindrar revisor i å kommentere dette, har finansinstitusjonen ei relativt klar oppfordring til å reagere på den konkrete skaderisikoen. Dette gjev dei ei meir sentral rolle i årsaksbiletet og må følgjeleg spele inn på erstatningsansvaret.

Forholda på revisor si side blir ikkje endra av desse etterfølgjande omstenda. Dersom revisor har handla culpøst ved utarbeidinga av revisjonserklæringa så vil ikkje dette bli påverka av seinare forhold på finansinstitusjonen si side. Revisor si handling blir ikkje mindre kritikkverdig av at finansinstitusjonen føretar egne undersøkingar. Ettersom både finansinstitusjonen og revisor sin kritikkverdige handlemåte har vore naudsynt for at skade fann stad vil begge ha ei sentral rolle i årsaksbiletet. Erstatningsspørsmålet må såleis avgjerast på bakgrunn av ei konkret vurdering av dei forhold som gjer seg gjeldande i det aktuelle tilhøvet.

---

<sup>123</sup> RG 1993 1048 s 1055

## 6 Avsluttande kommentar

Erstatningsansvar for revisor er eit samansett område der mange ulike omsyn gjer seg gjeldande. Særleg er dette tilhøvet der skadelidande er ein finansinstitusjon. Når Finansdepartementet i Ot.prp Nr 78 (2008-2009)<sup>124</sup> på side 54 difor uttaler at der det føreligg ei skadevaldande handling hos revisor og det føreligg subjektiv skyld, vil "revisor på grunn av sitt engasjement i saken og sin fagkunnskap i slike tilfeller være nærmere til å bære tapet enn den skadelidte" er dette eit utsegn som må modifierast. Utsegnet framstår som unyansert då det ikkje tar omsyn til at det i den konkrete saka kan føreliggje forhold på skadelidnesida som kan verke inn på erstatningsansvaret. At finansinstitusjonen ikkje har handla i samsvar med eiga undersøkingsplikt vil vere eit slikt forhold.

---

<sup>124</sup> Ot.prp Nr 78 (2008-2009) Om lov om endringer i revisoloven og enkelte andre lover (gjennomføring av revisjonsdirektivet) pkt 12.1.5.1, side 54

## 7 Kjelder

### Litteratur

Anfinsen, Anne Marie Frøseth	<i>Skadelidtes egeneksponering for risiko i erstatningsretten,</i> (Bergen 2008)
Cordt- Hansen, Hans	<i>Revisorloven med kommentarer,</i> 1. utgåve (Oslo 2001)
Den norske Revisorforening	<i>Revisors Håndbok 2012</i> (Oslo 2012)
Den norske Revisorforening	<i>“Aktuelt”, Revisjon og Regnskap,</i> nr 2 2012
Færstad, Jan-Ove	<i>Erstatningsansvar for villedende informasjon,</i> (Bergen 2010)
Hjelmeng, Erling	<i>Revisors erstatningsansvar - en analyse av ansvarsnormen</i> (Bergen 2007)
Kjelløkken, Roger	<i>“RS 240 Revideres”, Revisjon og Regnskap,</i> nr 2 2005
Knoph, Ragnar	<i>Rettslige standarder. Særlig Grunnlovens §97,</i> (Oslo 1948)
Lereim, Kåre	<i>Revisorjus: Utvalgte emner,</i> (Oslo 1996)
Lunde, Tore	<i>God forretningskikk næringsdrivande imellom,</i> (Bergen 2001)
Nygaard, Nils	<i>Skade og Ansvar,</i> 6. utgåve (Bergen 2007)

### **Lovar**

Lov 14. Mars 1964 nr 02, om revisjon og revisorer, OPPHEVA

Lov 17. Juli 1988 nr 56, om årsregnskap m.v. (regnskapsloven, rskl.)

Lov 15. Januar 1999 nr 02, om revisjon og revisorer (revisorloven, revl.)

### **Førearbeid**

NOU 1997: 9 Om revisjon og revisorer

NOU 2008: 12 Revisjonsplikten for små foretak

NUT 1970 NR 1 Instilling til lov om aksjeselskaper

Ot.prp. nr 75 (1997-1998) Om lov om revisjon og revisorer (revisorloven)

Ot.prp. nr 78 (2008-2009) Om lov om endringer i revisorloven og enkelte andre lover (gjennomføring av revisjonsdirektivet)

### **Rettspraksis**

LB-1995-3002 (Borgarting Lagmannsrett 22.04.1988)

*Investa*

LB-2009-80355 (Borgarting Lagmannsrett 11.05.2010)

RG 1991 s 956

*Trondenens*

RG 1993 1048

RG 2008 s 705 Borgarting Lagmannsrett

*Sponsor Service*

Rt. 1964 s. 446

*Hengebrodommen*

Rt. 1991 s. 1124

*Knallskuddommen*

Rt. 2003 s. 696

*Ivaran Shipping*

Rt 2004 s 1942

Rt 2010 s. 1328

### Danske rettskilder

Lov 2008-06-17 nr. 468 om godkendte revisorer og revisionsvirksomheder  
LFF 2008-03-27 nr 120 - Godkendte revisorer og revisionsvirksomheder (Revisorloven)  
UFR 1978 653H  
UFR 1982 595H  
UFR 2000 595H  
UFR 2001 781H  
UFR 2003 2505H

### Revisjonsstandardar

RS 240	“Misligheter og feil” (ikrafttredelse 01. Jan 2003)
ISA 200	“Overordnede mål for den uavhengige revisor og gjennomføringen av en revisjon i samsvar med revisjonsstandardene”, <i>Revisors Håndbok 2012</i> (s 97-114)
ISA 240	“Revisors oppgaver med og plikter til å vurdere misligheter ved revisjon av regnskaper”, <i>Revisors Håndbok 2012</i> (s. 146-172)
ISA 250	“Vurdering av lover og forskrifter ved revisjon av regnskaper”, <i>Revisors Håndbok 2012</i> (s. 172-180)
ISA 315	“Identifisering og vurdering av risikoene for vesentlig feilinformasjon gjennom forståelse av enheten og dens omgivelser”, <i>Revisors Håndbok 2012</i> (s. 210-239)
ISA 700	“Konklusjon og rapportering om regnskaper”, <i>Revisors Håndbok 2012</i> (s. 438-456)
ISA 705	“Modifikasjoner i konklusjonen i den uavhengige revisors beretning. <i>Revisors Håndbok 2012</i> (s. 457-473)
ISA 706	“Presiseringsavsnitt og avsnitt om “andre forhold” i den uavhengige revisors beretning”, <i>Revisors Håndbok 2012</i> (s 473-479)



## EU-rettslege kjelder

- A study on systems of civil liability of statutory auditors in the context of a Single Market for auditing services in the European Union.
- EU Direktiv 2006/43/EF EUROPA-PARLAMENTETS OG RÅDETS DIREKTIV 2006/43/EF af 17. maj 2006 om lovpligtig revision af årsregnskaber og konsoliderede regnskaber, om ændring af Rådets direktiv 78/660/EØF og 83/349/EØF og om ophævelse af Rådets direktiv 84/253/EØF
- EU forslag: Proposal for a regulation on the quality of audits of public-interest entities and proposal for a directive to enhance the single market for statutory audits (November 2011) (tilgængelig på [http://ec.europa.eu/internal\\_market/auditing/reform/index\\_en.htm](http://ec.europa.eu/internal_market/auditing/reform/index_en.htm) pr 29.05.2012)
- Arbejdsdokument fra kommissionens tjenestegrene, sammendrag af konsekvensanalysen, *Ledsagedokument til:* Forslag til Europa-Parlamentets og Rådets direktiv om ændring af Europa-Parlamentets og Rådetsdirektiv 2006/43/EF om lovpligtig revision af årsregnskaber og konsoliderede Regnskaber og Forslag til Europa-Parlamentets og Rådets forordning om specifikke krav til lovpligtig revision af virksomheder af interesse for offentligheden (tilgængelig på [http://ec.europa.eu/internal\\_market/auditing/reform/index\\_en.htm#new](http://ec.europa.eu/internal_market/auditing/reform/index_en.htm#new) pr 29.05.2012 under impact assessment, summary)